

Nr. 1 - 2012 - 36. årgang

# eggde



● Kongens fortenestemedalje .....	5 og 32
● Opning av Bentsen hus .....	12-15
● Turen i austeryeg .....	54-57
● Årsmøte 21. april 2012 .....	70
● Uthamnsseminar .....	78-79

**Opplag:** 1350

**Besøksadresse etter avtale:**

Bentsens hus,  
Kronprinsensgt. 59, Kristiansand

**Postadresse:**

Postboks 136, 4662 Kr.sand

**Telefon:** 38 02 61 05

**E-post:**

kontakt@agderhistorielag.no

**Heimeside:**

www.agderhistorielag.no

**Ansvarleg redaktør:**

Borghild Løver  
Tlf. 97 06 44 85

**Stoffet til Egde  
er levert av:**

Beint Foss

Finn Isaksen

Johnny Haugen

Leiv Torstveit

Svein E. Hvidsten

Arve Aarrestad

Knut B. Knutsen

Odd Vevle

Johnny Hofsten

Olaf Moen

Solveig Lima

Ådne Fardal Klev

Magne Haugland

Borghild Løver

Anna Helle Nilsen

Terje Bjelland

Kathrine Holmegård Bringsdal

Arnulf Grønvold

Sigmy Eike-Kongsvik

Oddmund Mogstad

Liv Kirsten Rølland

Torbjørn Greipsland

Arvid Bergstøl

**Grafisk tilrettelegging  
og produksjon:**

**GRAFISK PARTNER**

Henrik Wergelands gt. 50B

Pb. 384, 4664 Kristiansand

Tlf. 38 02 19 12

E-brev: post@gpartner.no

**Framsidedeilete:**

*Frå opninga av Bentsens hus*

*11. september 2011. Innfeldt:*

*Kulturdirketor i Kristiansand,*

*Svein Tore Sorthe, fekk blomar av*

*leiar i Agder Historielag Beint Foss.*

# Lederen har ordet

Om to år skriver vi 2014. For oss i Agder Historielag innebærer det at vi allerede nå må begynne å forberede oss på to viktige begivenheter som skal markeres. Den ene av disse, at det moderne Norge fyller 200 år i 2014, vil selvsagt bli markert over hele landet med bokutgivelser, artikler og ulike arrangementer. I Agder Historielag vil 1814-jubiléet vil først og fremst komme til syne i form av artikler i årsskriftet vårt og kanskje som tema på årets høstmøte. I årsskriftet vil det trolig bli biografisk stoff om de mange eidsvollsmennene fra Agder, og – om vi kan få det til – litt stoff om hvordan de blei valgt.

Den andre begivenheten vi skal markere om to år er Agder Historielags eget 100-årsjubileum. Stiftelsesmøtet fant sted på Klubben i Kristiansand den 28. mars 1914. Bygdebokforfatter, og seinere statsminister, Abraham Berge (1851–1936) holdt foredrag om Hannanger gods på Lista. Olav Benneche blei valgt til lagetets første formann. Blant initiativtakerne til laget var forfatteren Vilhelm Krag. Han var også en av de 22 menn (!) som blei medlemmer på stiftelsesmøtet.

Agder Historielag framstår i 2012 som en sprek og livskraftig 98-åring. Men mye er annerledes nå enn da



laget blei stifta i 1914 – og mange år framover var Agder Historielag det eneste historielaget i landsdelen. Noen få lokale lag kom til i mellomkrigsåra, men det var først fra slutten av 1970-åra og utover at den virkelige ekspansjonen skjedde. I våre dager kan vi registrere 52 lokale historielag rundt om i bygd by i

Agder, hvorav de aller fleste er medlem hos oss – og i Landslaget for Lokallhistorie.

Styret i Agder Historielag har bestemt at lagets historie skal nedtegnes i anledning av 100-årsjubléet. Om de blir en lengre artikkel i årsskriftet eller ei egen bok er ikke avgjort ennå.

**Beint Foss  
Leder**

# Skrivaren har ordet

*Gode sogeinteresserte!*

## Flotte årsskrift

Det er utruleg flott å sjå den store produksjonen av årsskrift som skjer rundt om i lokallaga. Me tykkjer det er sær s hyggeleg stoff å ha i EGDE. Så ikkje gløym å sende oss årsskriftet dykkar!

## Adressa vår er

Agder Historielag,  
Pb. 136,  
4662 Kristiansand.

Er de i tvil om boka er komen fram, så kan de gjerne sende ein førespurnad på e-post: kontakt@agderhistorielag.no. Nokre gonger treng bokmeldarane lenger tid på å levere ei melding, og då kan det slumpe til at det vert lenge til ho kjem i EGDE. Slik må vere av og til.

Det blei diverre liggande ein del stoff som ikkje kom med i dette bladet, til dømes om temamøtet i Landvik. Dette kjem neste gong.

## Ope andre tysdagen i månaden

Brukargruppa for Bentsens hus er no i gang med ei prøveordning for open dag frå kl. 13–21 den andre tysdagen i månaden. Agder Historielag v/underteikna er då til stades frå 13–16, fire av laga vekslar på å vere der frå 16–18, og DIS er på huset frå 18–21.



## Presentasjon av alle utgjevnader i lokallaget ditt

Agder Historielag kunne tenkje seg å samle alt av utgjevnader frå kvart einskild lokallag, slik at det vert ei komplett samling på Bentsens hus. Eit fint høve å levere dette til AH på er på årsmøtet på Hornnes, som er ope for utsendingar frå medlemslaga, særskilt interesserte og sjølv-sagt alle abonnentar, men dei to sistnemnde gruppene har ikkje røysterett. Hugs at det er påmeldingsfrist 14. april til årsmøtet.

Du er sjølv-sagt alltid velkomen til å sende e-post – eller til å ta ein telefon til 97064485 – evt. sende sms.

Hugs òg å ta ein kik på heimesida vår med jamne mellomrom, [www.agderhistorielag.no](http://www.agderhistorielag.no), der kan du finne så ymse! Skulle du mellom anna ha rota bort eit EGDE i løpet av dei siste to åra, så kan du finne det att der! Og så ligg registeret for alle årsskrifta frå 1914 og fram til i dag der.

Agder Historielag er dessutan å finne på fjesboka – ikkje verst for ein som er mest hundre år!

Med ynske om ein god og herleg sogevår!

**Borghild Lover**

# Kulturberaren frå dei indre bygder

**Alf Georg Kjetså (76) frå Hornnes er ein viktig kulturberar i dei indre bygder. Allereie som 13-åring i 1948 kjøpte han sitt fyrste fotografiapparat – eit «Brownie Flash» kamera. Godt og vel 60 år seinare har den nå pensjonerte rektoren ei fotosamling på meir enn 50.000 bilete.**

Dei siste åra har historieinteresserte sambygdingar stifta kjennskap med deler av fotosamlinga til Alf Georg på kommunebiblioteket på Evje. Der har kommunen sett opp ein datamaskin som inneheld 17.000 fotografi frå distriktet og som er tilgjengelege for kvar og ein. Men innsamlingsarbeida til Kjetså starta for mange tiår sidan.

## Starten

– Det byrja eigentleg hausten 1947 da eg plukke blåbær i Kjetsåskogen og selde bæra til

det lokale samvirkelaget. For desse pengane kjøpte eg meg eit fotoapparat. Då vart i grunnen interessa for fotografering vekt. Men det var fyrst i 1968 at det verkeleg tok av:

– Bygdebokforfattar Olav Uleberg trong ein fotograf til å ta bilete til bygdesoga for Hornnes. Då oppdaga eg at det fanst ein gøymd skatt i heimane til folk. Sidan har eg berre halde på, fortel Kjetså, medan han blar gjennom nokre eldre fotoalbum, der andlet og hendingar frå Evje og Hornnes og bygdene ikring er vel dokumenterte.

## Tusenvis av timar

– Etter kvart har interessa vorte utvida til levande film og bilete. Eg har nå ikring 1000 timar ferdig redigert film frå små og store hendingar i distriktet og ein del lydbandopptak frå tidleg på 1980-tallet.

For den som kanskje trur at det er vanskeleg å finne fram i dei uhorvelege mengdene med film og fotografi hjå Kjetså, må tru om igjen. Her er det bygd opp eit nøyaktig system, der



*Alf Georg Kjetså (76) frå Hornnes med ein av sine mange fotoalbum. Fotosamlinga hans inneheld i dag meir enn 50.000 bilete.*

**Foto:**  
[www.moisund.com](http://www.moisund.com)

«Maskinparken» til Alf Georg inneheld både ny og gamal teknologi. Men det er heilt nødvendig om ein skal kunne avspele nytt og gammalt kjelde-materiale.

Foto:  
www.moisund.com



kvar einaste bilete og filmkassett har fått både tekst og nummer, slik at ein lett kan finne dei att i ein søkbar database.

– Det er viktig for meg å legge til rette for komande generasjonar. Eit bilete som manglar informasjon om kven som er med på biletet og når og kor det er teken, er av lite verdi om dei ikkje kan setjast inn i ein større samanheng, understrekar Kjetså. Han ber derfor eigarar av eldre bilete om å skrive inn så mykje data som mogleg bak på bileta.

## Blir sett pris på

Det var i 1991 at Alf Georg Kjetså fekk den fyrste kulturprisen til Evje og Hornnes kommune. Då var det ikkje berre for arbeidet med bygdesoga og biletsamlinga, men óg som den fyrste leiar i kulturstyret i kommunen og som leiar i museumsnemnda for Fennefoss-museet.

På nasjonaldagen i fjor vart han igjen overraska i ein feststemt sal på Evjemoen:

– Ordførar Ropstad gjekk på scena og byrja å lese opp frå ei manuskript. Eg var ikkje førebudd på det som kom, men skjønna etter kvart kva det gjaldt.

Det Alf Georg Kjetså her siktar til, er då han og entreprenør Kåre Tjessem frå Evje fekk Kongens fortjenestemedalje 17. mai i 2011.

– Det er sjølvstøtt flott å bli sett pris på. Men for meg er det viktigaste å få gjort desse bileta og filmene tilgjengeleg for flest mogleg. Eg blir ikkje yngre med åra og eg håpar på sikt at lokale museum og institusjonar kan overta samlinga. Mange av informantane eg har møtt dei siste tjue åra er borte for lengst. Men for dei som i framtida skal skrive bygdehistorie og historiske artiklar, eller kanskje skrive talar eller leite etter opplysningar om slektningar, så kan desse intervju og fotografia bli viktige, avsluttar Alf Georg Kjetså.

Av Johnny Haugen

«Tusner på tusner.» Truleg har Kjetså over tusen timar med lydbandopptak og levande film frå dei indre bygder.

Foto: www.moisund.com





*Kulturminnedagen 11.09.2011:*

# Skjulte skatter, spor i landskapet

**Stokken Historielag valgte denne dagen å ta turen til Neskilgruvene. Guide for dagen var Jan Arild Andersen, den som etter min mening kan mest om historien om disse jerngruvene som skriver seg fra sytten- og attenhundretallet.**

Gruvne ble drevet fram til slutten av attenhundretallet og etterlot mange enker, ettersom det i disse gruvne som går nedover i dypet helt ned til 80 meter, ofte var farlig arbeid. Gruvne er i dag for det meste fylt med vann.

Stokken Historielag fikk etter kommunesammenslåingen i Arendalsregionen Arendal kommune til å lage en planutredning som forhåpentligvis vil bli fullført når det blir midler til det. Planen er at en mellom gruvne som i dag er sikret med gjerde, skal få ryddet turstier, og at det blir satt opp benker og opplysningsskilt slik at turgåere kan lese historien om denne tiden.

Vi var heldig med været denne ettermiddagen, og 40 interesserte deltok. Turen ble avsluttet med niste og kaffe i Møllebukta med utsikt til Friisøya og Eydehavn. På bildet ser vi guiden, Jan Arild Andersen, forklare for dem som var med.

**Svein E. Hvidsten**

# Gull i Veggane


*Folkedrakter frå Tovdal i Åmli*

**I forbindelse med åpning av utstilling «Gull i veggane og tri på veggane» på Hillestad Galleriet 3. august 2011, ble det sluppet en spennende bok som forteller historien til hvordan draktene som er utstilt kom til. Boka er utgitt av Åmli boknemnd og forfattet av Torild Ankersdatter Fossnes og Sigrid Bjørg Ramse.**

Torild A Fossnes ble en kjent kvinne i Aust-Agder og resten av landet i forbindelse med draktregistrering og rekonstruering av gamle folkedrakter. Hun ledet det store arbeidet med å registrere draktplagg fram til 1900 for Aust-Agder Kulturvernråd. Gjennom mange år har hun drevet eget verksted på Fevik hvor hun har sydd mannsbunader. Hun har også arbeidet med drakter på Husfliden i Arendal.

Sigrid Bjørg Ramse er medforfatter og også en kjent person i området, og har dessuten vært en viktig støttespiller.

Det er mange grunner til at et prosjekt kommer i gang, men at et møte på et sykehus i forbindelse med en blodprøve etter hvert skulle resultere i utstilling og bok, er spesielt. Dagny Røyneland Hørsdal fortalte at hun hadde en opplyt og lurte på om Torild ville se den. Har en drevet med registrering, så sier en ikke nei når en får slike tilbud. Dette ble starten på et godt samarbeid. Da Dagnys sønn skulle bytte vindu på gården Tveit i Tovdal etter at han hadde overtatt gården etter sin mor, dukket det opp tekstiler rundt vinduene. Å bruke tekstiler som isolasjon rundt vinduer og dører er på et vis siste reis for tekstiler. De fleste ville nok ha kvittet seg med fillene, men Dagny gav beskjed om at ikke noe måtte kastes. Torild har lang erfaring med å bedømme gamle klær og hadde mulighet til å sammenligne med det hun hadde sett tidligere. I dette tilfellet kunne hun også støtte seg til fotografier. Dette er grunnen til at hun har greid å sy opp så mange drakter



etter fillene som ble funnet på Tveit. Det spesielle er den mengden av barneklær som er funnet. Alle draktdelene var utslitt da de ble lagt inn i veggene i 1890 da huset ble bygd.

Dette er ikke bare en utrolig viktig kulturhistorisk bok for område, som viser stoffer og sømteknikker. Den er spennende for alle som tenker på rekonstruksjon.

Her er det også funnet fragmenter av strikking. Det er strikket opp modeller av sokker, pulsvanter og gensere. Alt var å se på utstilling

**FORTSETTELSE NESTE SIDE**

på Hillestad Galleriet sammen med drakter og en del filler fra veggen.

Boken forteller om Tovdal og gården Tveit, men også om gamle ferdselsveier i eldre tider. Den har også en artikkel om kulturkontakter, møteplasser og sosialt samvær.

Dette er en bok som bør finnes hos alle som har interesse av hvordan folk har gått kledd tidligere, og spesielt for de som arbeider med drakter. Her har boknemnda fått en gavepakke til trykking fra de to forfatterne. Takk til boknemnda som gav ut den unike boka.

Av Kathrine Holmegård Bringsdal

*Ommund Håkedal født 1840 med kona Anne 1833, borna Birgit, Turid og Signe.*

Bilde fra boka



# Temamøte i Kvinesdal

**Set av tid til temamøte om barnevandring på Kulturhuset i Kvinesdal kl. 13.00 søndag 23. september 2012!**

Agder Historielag og Kvinesdal historielag innbed alle som har lyst til historielagsmøte med barnevandringar som tema. Set av dagen no!

Ein eigen brosjyre vert sendt ut til alle medlemene føre møtet med nærare opplysningar.



## Skjernøy Historielag

Skjernøy Historielag ble stiftet 20.oktober 1988, og er for tiden svært aktivt på mange områder. Vi har base på det gamle skolehuset på Dyrstad, som var Skjernøys første skole, oppført i 1877. En viktig sak for historielaget er å markere kulturminner og severdigheter på Skjernøy, og vi er i ferd med å sette opp opplysnings-skilt ved f.eks. Rosjekta fra 2. verdenskrig og Liksteinen på Berge.

# Historien om liksteinen

**Liksteinen er ca. to meter lang, passe bred for en kiste og passe høy å sette den på. Her hvilte man alltid med båren, og tok en velfortjent pause. Følget satte seg på steinene omkring og pustet ut.**

**Liksteinen ligger på Øvre Berge, ca. 50 m fra hovedveien, til venstre for veien opp til Terje Berge/Oddvar Jenssen.**

Når folk fra Farestad-området på slutten av 1800-tallet skulle bringe sine døde til kirkegården i Mandal, rodde eller seilte de gjerne med båt til Kleven, eller opp elva til Mandal. Men det hendte at værforholdene var så vanskelige at man ikke kunne komme ut Vågskjeften eller rundt Rennesodden. Det kunne være storm så man ikke fant det rådelig å løsne båt, og på vinteren kunne isen ha lagt

**FORTS. NESTE SIDE**



seg som «kaste-is», eller drivis hadde stuet fulle alle bukter og sund. Men det gikk gjerne å komme over fra Bergstø til Omland, enten ved å gå på isen hvis den var sterk, eller ro mellom isflakene. Så var det å prøve om det var mulig å få tak i hest med slede eller langkjerre. Lyktes ikke dette, var det bare å gå i gang med å bære båren helt til kirkegården i Mandal. Det hendte også at man måtte gå helt til Skjernøysund og prøve å komme over der, hvor den sterke strømmen holdt sjøveien åpen lenger.

Det var strevsomme tørninger, husk at likfølget skulle tilbake til øya samme dag.

I den tiden var det vei (sti) opp gjennom Helligdalen. En gikk da opp helt innerst i Kjosdalsbukta (der som opplysningstavla står nå). Dalen er ikke lang, men temmelig bratt. I den tiden var det lettere å komme fram der enn det er i dag. Først kom følget gjennom Edvard Kristensens jorde i Gotthola (nåværende eier: Terje Berge), så videre over Ole Reiersens jorde. Her kan man se murene etter huset til Ole Reiersen, som ble revet i 1860-årene. Det kan nevnes at brukbare materialer ble benyttet i det huset som ble satt i Bergsdalen hvor Reiersen flyttet. Noe av materialene ble også brukt til det lille huset på Bakken. Det kan også nevnes at Reiersens sønnesønn var den kjente

Th. O. Berge som bl.a. drev Valhalla såpefabrikk i Kristiansand.

Videre kom følget forbi Kristian Torjussens hus, det vi i dag kaller huset på Bakken, og er antagelig ett av de eldste hus på øya. Den siste tiden bodde det tre ugifte døtre der, Augusta, Hansine og Theodora, de ble kalt «jentan på Bakken».

Etter 2.verdenskrig har dette huset bare vært sommersted.

Siste gang en bære stod på liksteinen var vinteren 1941, det var Hansine Pedersen på Bakken som var død.

Det var da drivis så langt man kunne se, og derfor umulig å komme til byen med båt. Det ble holdt andakt i hjemmet før følget gikk for å se om det var mulig å komme over fra Bergstø til Omland med båt.

Dette gikk forholdsvis greit ved å stake seg mellom isflakene.

På Omland stod bil klar til å kjøre videre til gravkapellet i Mandal.

Men øya ble blokkert av drivis, og begravelsen måtte utsettes 3–4 dager.

Da begravelsesdagen ble bestemt, dro de av gårde med skøyta, men det viste seg at de måtte gå utenom Ryvingen, og to mann med hver sin hake måtte stå på baugen og stake isen vekk.

På hjemveien var det blåst for is, så man kom seg fint fram ved å gå utenom øya.

Av Knut B. Knutsen

## Rosjekta fra 2. verdenskrig

**Om kvelden 13.februar 1945 ble Hans Møller og Lars Larsen landsatt på Hellersøy av en britisk MTB etter en dramatisk overfart fra Aberdeen. De opprettet som kjent (senere) radiostasjonen «LOLA» på Mønnesland.**

Rosjekta er opprinnelig norsk og var kommet til Shetland med båt fra Norge. Den ble så fraktet videre til Aberdeen da den skulle være med MTB til Norge for å brukes til å transportere krigsutstyret fra Hellersøy til Langevika i Skjernøysund.

Da rosjekta ble låret ved Hellersøy viste det seg at den tok inn vann og var ubrukelig til sitt formål. Skipssjefen på MTB'en lot den derfor seile sin egen sjø.



Brødrene Tonning og Birger Gundersen fant den kort tid etter utenfor Skiftensvika da de var på fiske i dette området. Den ble liggende på brygga på Ytre Farestad en kort tid, men ble så fraktet til Valvika for reparasjon hos Martin og Alf Pedersen. De hadde noen år tidligere drevet et lite båtbyggeri i sjøboden i Valvikstranda.

Rosjekta ble fraktet til Valvika av Tonning Gundersen, Gustav Kristensen og Herman Syvertsen; den lå tvers over motorbåten. Herman forteller at da de kom til Bådevikskosten fant de en død engelsk flyver som fløt i redningsvesten, det gjorde naturligvis et sterkt inntrykk, spesielt på Herman og Gustav som var hhv. 13 og 11 år.

Den «ubrukelige» rosjekta ble klinket om og brukt som notsjekta på «Gavla» på Ytre Farestad; den fikk nå navnet «Lillesjekta». Herman, som selv var med på «Gavla», opplyser at «Lillesjekta» ble brukt som notsjekta i ca. 40 sesonger. Den ble også bl.a. brukt til laksefiske og til slupsing etter blege. «Lillesjekta» fikk masse juling i sjøen gjennom alle disse årene. Den ble senere plastbelagt, og har nå i mange år ligget på brygga til Herman og Sverre Gunnar Syvertsen. Hans Møller og

flere andre har hatt ønske om at den skulle komme på museet i Mandal, men interessen der var laber.

Derfor besluttet Skjernøy Historielag å oppbevare den utenfor Dyrstad skolehus (skolemuseum). «Lillesjekta» ble fraktet til Dyrstad 30.mai 2011. Sverre Gunnar transporterte den til Krambobrygga på «Strandbuen», og Reidar Jenssen og hans team tok den videre til skolehuset med traktor.

Av Knut B. Knutsen





*Her i Bentsens hus i Kristiansand har Agder Historielag kontoret.*

# Bentsens hus i Kristian



*Kulturdirektøren heldt ei lita tale på trappa av Bentsens hus i høve opninga på sundag. Til høgre kan ein sjå det europeiske kulturminneflagget.*

**Bentsens hus vart offisielt og høgtideleg opna på sjølvaste kulturminnedagen 11. september i fjor. Etter trompet- og trommefanfare vart publikum ynskt velkomen av leiaren i byselskabet, Guri Paulsen, som òg hadde regien for denne fantastiske tilskippinga.**

Du skal ikkje stille ditt ljøs under ei skjepp, sa kulturdirektør Stein Tore Sorthe i si tale til dei mest 150 frammøtte i Kronprinsensgt. 59. Han var stolt og glad for at huset no vart ivareteke av foreiningar som nytta huset som sitt brukshus – og kunne vere til glede for folk som kunne tenkje seg å kome innom dette vesle lokalhistoriske senteret.

Dette er eit godt døme på flott samarbeid



*Det var fullt av folk og god stemning i bakgården på opninga av Bentsens hus.*

# sand opna

mellom kommunen og frivillige organisasjonar – og det er ikkje tilfeldig at kulturdirektøren vart takka av brukargruppa for kulturhuset ved Beint Foss, leiaren i Agder Historielag. For Sorthe var den som tok initiativet til dette samarbeidet – som no har ført til kontor for DIS (digital slektsforskning i Vest-Agder) og Agder Historielag i det tidlegare guterommet til Leif John Bentsen, sonen av John Ben Bentsen, som gav eigedomen til kommunen for mange år sidan.

Leif Bentsen stilte viljug opp til å vere den som avduka eit minneskilt på veggen på Bentsens hus, i blått med kvit skrift. Han gav dessutan til kjenne ymse episodar og anekdotar frå livet i Bentsens hus der far hans hadde budd i 94 år, som til dømes då hanen rømde og fann seg ein hønsegard nedi Skippargata som ikkje hadde hane. Bentsen



*Leif John Bentsen avduka namneskiltet til minne om sin far, John Ben Bentsen, som for mange år sidan gav eigedomen til Kristiansand kommune.*

**FRAMHALD NESTE SIDE**



*To gullgode kjøkenjenter syrgde for god mat og drikke i enden av køyreporten, fv. Britt Albrecht i byselskabet og Wenche Rosenløv frå Posebyen Vel.*

*Leif Bentsen møtte sin gamle kamerat Ivar Berglihn (tv.) på kjøkenet på Bentsens hus og mimra om gamle musikkdagar; båe var i si tid byens einaste oboistar.*



## FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

meinte huset låg som ei perle i Posebyen – og glede seg stort over denne dagen, at huset var så flott pussa opp og no var i aktiv bruk.

Posebyen Vel, Vest-Agder Fortidsminneforening, Thaulows hus, Christianssands Byselskab, DIS og Agder Historielag var alle til stades for å vise fram sine bøker/hefte og brosjyrar. Dei tykkjer alle saman det er eit fantastisk hus å halde til i – rett og slett eit hus med sjel. Nett sjela fekk publikum eit lite innblikk i ved hjelp av Det Dramatiske Selskab og barne- og ungdomsteatret i byen, som hadde kledd både unge og gamle opp i klede frå 1800-talet. Drikkescener, epleskrelling, rampestrekar og soldatmarsjering var blant tinga publikum fekk ta del i.

Vaflar, kaker, kaffi og saft hørde heime i bakgården – som låg som ein herleg oase mellom køyreporten på den eine sida og vognskjulet på den andre. Det var med gode, lokalhistoriske kjensler publikum byrja på heimvegen etter tre timar med Bentsensk husatmosfære.

**Tekst og foto: Borghild Løver**



*Harald Sødal opplyste at den mann ikkje fanst, som hadde vore viktigare for byens musikkliv enn John Ben Bentsen – i 70 år var han aktiv, ikkje rart han fekk kulturprisen i 1978. Til venstre Leif John Bentsen.*

*Stein Tore Sorthe fekk ein velfortent blome av Beint Foss på vegner av brukargruppa i Bentsens hus.*





Ungane frå barneteatret gjorde stor lukke i sine kostyme, fv. Johannes Fatland Skeie (14), Julian Jernes (9) og Lise Lilletun Christensen (15).

I den eine stova sat det eit utruleg flott tablå frå Det Dramatiske Selskab, fv. Mariann Stene, Aud Stenberg, Berit Iversen og Ruth Halaas.





Mærdø og innseilinga til Arendal. Fremst til venstre Ole Jensens hus. Bak ser vi loshuset (mørkt hus heilt til venstre), Christensens hus og Tollbua.

Bilete frå årboka

# Aust-Agder-arv

Årbok 2011 – Aust-Agder kulturhistoriske senter

**Årboka til Aust-Agder-Arv er ei stor bok på over 190 sider. I år inneheld boka seks artiklar. Den kortaste er på 8 sider og den lengste på 78 sider. Og spennet i emne strekkjer seg frå antikken til 1974.**

Den første artikkelen er av Siri Sande og heiter: «Arendal og antikken – strandhugg i middelhavsområdet på 1800-tallet.»

Strandhogget var det skipsfolk frå Arendal som gjorde. Dei kjøpte små statuar og delar av statuar og mosaikk frå antikken. Tidleg på 1800-talet var det muleg for sjøfolka å kjøpe slike ting i middelhavsområdet. Men den største gåva kom frå Anders Dedekam. Han var kjøpmann og budde mange år i Frankrike. Derifrå var han ein tur til det gamle Kartago. Ein del av samlinga stammar frå den reisa. Seinare vart desse kjøpa gjevne til «Det gamle

Arendals museum». Og der ligg dei nedstøva i dag.

Siri Sande fortel om kvar einskild gjenstand og daterer dei. Kvinnefigurar viste den moderne hårfrisuren på den tida. Då som no følgde kvinnene moten. Og moteskaparane var naturleg nok keisarinnene. Nytt for meg var at i mellomalderen vart statuar brende til kalk. Og kanskje var det på veg til omnen at bitar av dei fall av. Og nokre av desse bitane er no i Arendal.

Anders Johan W. Andersen skriv om «Dårekista i Arendal». Dårekiste var før nytta om små rom for å hyse uregjerlege personar. Det var kongen som tvang igjennom bygginga av to rom til sinnssjuka i Kristiansand, Arendal og Stavanger i 1786. Kristiansand bygde sine to, men Arendal brukte lenger tid på dette. Først i 1795 stod «Arendal Fattige Arbeids- og Pleie-Huus» klar til å ta imot folk. Men alt rundt 1855 var det slutt. Nye måtar å sjå på dei sjuka, slo fast at dårekistene var heilt uskikka som




opphaldsstad for sinnssjuke. Det vart stilt krav om nye og betre hus for desse sjuke personane.

Jens Bjørneboe skreiv fleire gonger at han hadde saltvatn i årene sine. Aksel Ongre stiller dette spørsmålet i artikkelen sin «Var en navigator fra Arendal i Kongofristaten også rollemodell i Jens Bjørneboes forfatterskap?». Ongre godtgjer på ein klar og god måte at onkel Søren delvis kan vere modellen til Peder Jensen, styrmannen på barken Neptun. Søren var styrmann på barken New Zealand og forliste i Stillehavet.

Og sjøen, sjømannskap og eventyr finn ein også i Rune Arenfeldt sin artikkel «Storfamilien Moe i Arendal Tredje generasjon 1854-1875». Her møter me Kaptein Sunne og «Peru av Arendal». Sunne reiste ut på sjøen som 12-åring. Seinare enda han opp som kaptein på «Sylphiden». Han var nygift og tok kona si Cathrine med på turen, som tok til i 1854. Ferda gjekk til mellom anna New Orleans, før dei enda i Hamburg. Der fekk Sunne ordre om å kjøpe det største skipet han kunne få tak i. Sunne kjøpte «Peru av Arendal». Med den skuta drog han jorda rundt. Kona fekk første barnet, Mads Andreas, om bord, og Sunne var jordmor. Seinare fekk dei ei dotter som også vart fødd på havet. Eventyrleg!

Eventyret er både nært og langt unna i det Terje Nomeland skriv om i «I krig og kjærlighet – tyskerjentene i Aust-Agder». Nomeland skriv om ei av dei minst ærefulle hendingane i Noreg etter krigen: Hårklypping av jenter som på ein eller annan måte hadde hatt kontakt med tyske soldatar. Etter freden gløynde «gode nordmenn» kva dei hadde slost for: Rettstryggeleik. Nokre av desse jentene var nærast rettslause i tida etter freden. Og eg har aldri møtt ein person som har vedgått at han har klippa slike jenter. Dei som gjorde desse handlingane, hadde all grunn til å vere flau over handlingane sine. Set ein opp reaksjonane mot tyskarjentene og dei arbeidarane som bygde Værnes flyplass i april 1940, er resultat slående. Ingen arbeidar vart tiltala for å ha ytt hjelp til fienden. Sjølv om tyske fly som brukte Værnes, bomba norske soldatar. Nomeland har også ein tabell som syner kva kommune i Aust-Agder desse jentene kom frå. Godt! Men han burde jamført denne tabellen med eks NS-



medlemer eller frontkjemparar. Kanskje var jentene meir styrde av kjærleik enn ideologi.

Den lengste artikkelen er Hilde L. Austarheim sin om «Menneskene på Merdø på 1800-tallet» Hilde tek føre seg Merdø, hus for hus – frå aust til vest, og alle personane som budde i desse husa. Losar, sjøfolk, skipparar og fiskarar fanst i mest kvart eit hus. Jordbruket var for lite til å leve av for ein familie. Losing var eit familieføretak. Og gjekk det først gale, då ramma ulykka hardt dei som sat att. Jens Mikkelsen og dei to sønene Elling og Mikal drukna nyårsaftan 1865 under eit losoppdrag. Elling let etter seg fem små jenter.

AUST-AGDER-ARV er trykt på fint og godt papir. Det er med på å gjere bileta i boka ekstra gode. Bileta passar godt saman med teksten. Og teksten er lett og god, noko som fører lesaren rett inn i stoffet.

Av Leiv Torstveit

# Hvem bestemmer?



Etter påtrykk fra mange hold har Statens kartverk iverksatt et prosjekt for å gjennomføre veiadressering over hele landet. Ikke bare i byer og tettsteder, men utover i griségrende strøk, i hytteområder, kort sagt; over alt. Gjennomført innen 2015.

Om dette vil kanskje mange mene mye. Det skal jeg la ligge i denne sammenheng. Her skal jeg bare fastslå én ting jeg vil tro ingen finner urimelig; det er kommunen som bestemmer hva alle disse veiene skal hete. Høytidelig valgt på demokratisk vis i de mange kommunestyrer (om det da ikke er delegert til underliggende utvalg eller komiteer). Og forhåpentlig etter et stort og viktig lokalt engasjement, herunder fra aktuelle historielag, som sørger for at «riktige» navn blir valgt? Om å ta vare på – ved bruk, som det het i min spalte i forrige nummer av Egde.

Men hva med naturobjekter – en bekk, en haug, ei myr, et fjell? Hvem bestemte navnet som disse for lengst har fått og har vært benyttet i generasjoner? Svaret er: ingen! Eller kanskje vi kan si at «når mange nok har brukt det lenge nok». Kanskje er det fortsatt slik? Skjønt Kulturdepartementet har uttalt at kommunen kan bestemme navn på navnløse naturobjekter. Det er her viktig å merke seg at Statens kartverk ikke skal ha noen mening om hvilket navn natur- og kulturobjektene har eller skal ha. Og dette handler egentlig ikke stedsnavnloven om. Men når navnet er avklart eller valgt, har stedsnavnloven utvilsomt noe å si om skrivemåten og her skal Statens kartverk ikke bare mene noe, men bestemme. Med noen unntak når det i lovens § 5 heter: «Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av offisiell adresse og av navn på tettsteder, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydeler, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen gjer vedtak om skrive-

måten av navn på fylkeskommunale anlegg o.l.» Mens Statens kartverk i hovedsak har ansvar for resten.

«Problemet» er bare at når kommuner fremover i stor stil skal velge navn på alle veistrekninger og veistubber som skal ha egne navn, så vil antakelig hovedleddet i navnet være et gårdsnavn eller et naturnavn – og det er det Statens kartverk som avgjør skrivemåten av. For det heter i lovens § 4: «Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.» Med andre ord: Gårdsnavn og naturnavn vil utvilsomt være mer primære enn et nå nytildelt navn på en vei.

Noen fornemmer kanskje med dette en sentral, statlig (over?)styring av skrivemåten for stedsnavn mot lokale ønsker? Til dette må det sies at før Kartverket fatter sin endelige beslutning om skrivemåten, skal det gjennom en vesentlig lokal høring. Og før kommunen formelt avgir sin uttalelse, har lokale organisasjoner «rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til» – utvilsomt historielag, vil jeg mene. Og gjelder det mer spesifikt bruksnavn, skal eiere direkte tilskrives og gis mulighet for å uttale seg. Før statens navnekonsumenter på faglig grunnlag gir sin anbefaling.

Det er likevel verdt å merke seg at hovedføringer gitt i lovens § 4 gjelder for både høringsinstanser og vedtaksorganet: Det skal «takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen» og «skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp». Om dette bør det kanskje sies mer i en senere artikkel.

# Nedtegnelser, minner, rapporter fra deltakelse i Milorg 1943-45


Mykland Bygdesogenemnd ved Vagleik Frigstad, Svend Lauvrak og Magne Risdal har laga ei bok med glimt frå andre verdskrig, med tre ulike kapittel forfatta av Trygve Usterud, Olav Moe og Ivar Mjaaland. Dei 107 sidene gjev oss eit uforfalska inntrykk av motstandsarbeidet og strabasane, for tekstane er ikkje redigerte eller samanarbeidd, noko som gjev oss eit meir levande bilete av tida og hendingane. Å lese forfattarens eigne ord om Milorg og det farlege arbeidet dei dreiv med, er utruleg gjevande: Det er som me høyrer lyden av ski og snøen som fyk når dei tek seg fram i skog og ulendt terreng for å bringe vidare telegram, levere våpen, mat og anna.

Flydropp som vart teken imot, ulovlege radioar og bortgøymd folk på avsidesliggjande koier må ha sett fart i adrenalinet til desse karane; for eit mot dei måtte ha! I tillegg var dei ufatteleg spreke – kilometer på kilometer vart gjort unna i skog og mark – normalt på nattetid – med fullt arbeid på dagtid. I den tida hadde dei fleste til dels tungt fysisk arbeid og dermed ein naturleg spenst og muskelmasse – såleis hadde nok ikkje det same arbeidet vore mogleg i dag med dagens unge, som ofte sit 4–5 timar med dataspel kvar dag etter skuletid.

Mesteparten av biletstoffet er henta frå boka «Med livet som innsats», og fyller ut teksten på ein fin måte, sjølv om ikkje alle bileta har like god kvalitet. Men dette er v e r k e l e g e hendingar som krev verkelege bilete – skarpe eller uskarpe. Korrektoren kunne gjerne ha vore sjekka ein gong til, men dette er ei bok

som er eit fantastisk tillegg til den omfattande krigslitteraturen som allereie finst frå andre verdskrig. Særleg interessant er det sjølv sagt for lokalmiljøet i Mykland, å ha slike heltehistorier samla mellom to permar kjem til å glede alle etterkomarane og sambygdingane for ettertida.

Av Johnny Hofsten



Trygve Usterud, Olav Moe, Ivar Mjaaland

Nedtegnelser - minner - rapporter  
fra deltakelse i Milorg  
1943 - 45

Mykland Bygdesogenemnd

*Venesuv – Milorghovedkvarter i Aust-Agder den siste krigsvinteren.*

Bilete frå boka





Russerfangeren Ivan Korotja (i rød jakke med hette), som var fange på Møvig under krigen, på vei opp til Palatiamonumentet PAX ved Lindesnes fyr i 2004 for å legg ned minnekrans.

Foto fra boka: «Do Svidanija – På gjensyn»

# 70-års markering av «Palatia»-tragedien

**Søndag 21. oktober i år er det på dagen 70 år siden det tyske fangeskippet «Palatia» ble senket av et britisk fly rett øst for Lindesnes fyr. Da inviterer Lindesnes Fyrmuseum, Stiftelsen Arkivet, Vest-Agder Museumslag og Agder Historielag alle interesserte til minnemarkering og informasjon om den største krigs- og skipstragedien på Sørlandet gjennom tidene.**

Den 21. oktober 1942 var MS «Palatia» på vei fra Kristiansand til Narvik med 999 russiske krigsfanger om bord. Klokket 15 ble skipet oppdaget av et britisk Hampden-fly, som senket det med en lufttorpedo. Omkring 954 personer omkom, herav 885 sovjetiske krigsfanger. Russierfangeren Pjotr Litvintsov (f. 1910) ble reddet opp på en tysk båt, og har fortalt om den grufulle tragedien som utspant seg på havet her for 70 år siden.

I 1997 avduket Kong Harald minnesmerket over denne krigstragedien – en stilisert russerfugl (lykkefugl) som mange russiske krigsfanger ga som takk til nordmenn som hadde gitt dem mat under krigen.

«Palatia»-tragedien var i mange år ikke omtalt i norsk krigshistorie, verken nasjonalt eller lokalt. Den er f.eks. ikke omtalt i 8-binds verket «Norge i krig» og heller ikke i «Norsk krigsleksikon» som ble utgitt i 1995.

Vraket av «Palatia» har blitt lokalisert, og i 2003 ble to skipsklokker fra skipet tatt opp. Disse vil bli utstilt i Lindesnes Fyrmuseum i et eget rom sammen med andre gjenstander og fotografier, som vil informere om denne krigshendelsen.

Under minnearrangementet i Fjellhallen på Lindesnes vil historiker Michael Stokke fortelle om russiske krigsfanger i Norge og filmen «Vindsalme for dei døde» vil bli vist. Komiteen for minnemarkeringen har invitert representanter fra den russiske, ukrainske, tyske og engelske ambassade til å delta.

Av Magne Haugland


# Dengang – på våre kanter

*Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand*  
*Årbok 2011*

**Boka inneheld 160 innbundne sider lokalhistorisk materiale frå dei tre tidlegare kommunane Dypvåg, Holt og Tvedestrand. Ho er velillustrert med både bilete og grafikk, og er ei god blanding av korte og lengre artiklar i eit breitt spekter. Årbokkomiteen har gjort ein god jobb med å skape eit framifrå og interessant dokument over den lokale, både nære og fjerne, fortida.**

Det er naturleg å nemne særskilt dei første to artiklane i årboka. Dette sidan kyrkja i Tvedestrand i 2011 var 150 år. Før denne tida måtte dei som budde her dra til Holt kyrkje for gudsteneste og sakrament. Tvedestrand var då også ein liten strandstad for gardane i Holt, men då det tok seg opp med skutebygging og skipsfart midt på 1800-talet auka innbyggjartalet markant, og dei hadde trong til eige Gudshus. Forarbeidet med kyrkja var omstendeleg, men då dei kom i gong med bygginga var ho ferdig på 16 månader, og kom på den rimelege kostnaden av 8925 spesidalar (om lag 2,3 mill etter dagens kurs). Dei starta med trørgel, men i 1885 kom det skikkeleg pipeorgel på plass, og som framleis er i bruk. Det blei innvigd kyrkjegard i 1866. Artikkelen tek vidare føre seg symbolbruk og kunst ein kan sjå der, og heilt på slutten er det ei oppmoding til lesarane om informasjon om nokre hakekors som er rissa inn i orgelhuset; eit symbol som var utelukkande godt før nazistane tok det i bruk.

Visste du at Hans Nielsen Hauge-rørsla hadde ein liten forløpar på Listalandet, med den tidlegare soknepresten i Holt, Søren Bugge (1721–1794), som vekkjingsleiar? Eller at sonen, Peter Olivarius Bugge (1764–1849),



som var ein av dei mest fargerike og omstridde politkarane og biskopane i Noreg, trødde barneskoa sine i Holt? Båe ga ut fleire bøker med religiøst innhald. Far Bugge lagde også eit stort topografisk verk over Holt, eit verk som diverre ikkje eksisterer lenger. Sonen enda som biskop i Nidaros, var den første nordmannen i nyare tid som prøvde seg på ein bibelomsetjing, og fekk endå i oppdrag av prins Christian Fredrik å lage ei grunnlov for Noreg som sjølvstendig stat!

Den meir kjende forfattaren Arne Garborg budde i Holt og Tvedestrand i fleire omgongar. Han var student ved Holt Seminar (lærarskule) i to år (1868–70), jobba som lærar i Risør eitt

**FRAMHALD NESTE SIDE**



Lars O. Larsen bygde flere busskarosserier for Tvedestrand Rutebilselskap AS., som hadde konsesjon på ruta TvedestrandVegårshei. Dette er en 1934 modell Reo.

Foto fra boka

### FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

års tid, før han kom attende til Tvedestrand som avismann og grunnla Tvedestrandsposten i 1872. På Holt Seminar, eller Christianssands Stiftsseminarium på Holt som var det formelle namnet, gjekk Garborg saman med m.a. Johan Sverdrup og Søren Jaabæk, og levde livet til fulle der til det nesten vart utvisning. Seminaret heldt til i prestebustaden på Holt; dei to små klasseroma er restaurerte no, det same er skulen der Garborg hadde praksisopplæring, den faste degneskulen i Holtsmyra, under strengt oppsyn av lærar Feragen. Garborg skreiv ei mengd dikt medan han budde i Holt, men han brende dei opp alle saman. Historielaget har derimot teke vare på ei skrivebok der han har skrive ned notar og


harmoniar til mange av dei songane elevane øvde seg på! Denne vart kalla «Sangbok 1870», og syner og den fine handskrifta hans. Garborg vart ein av dei to beste ved eksamen, med toppkarakterar i dei fleste faga. Unntaket var «Legems- og Vaabenøvelse» og «Forhold» (framferd). Desse karakterane var ikkje gode, faktisk var han den einaste med nedsett karakter i framferd. Mykje og mangt meir kunne vore skrive om han, men det lyt du lese sjølv! Eit godt stykke er det i alle fall!

Dette var noko av alt som kan lesast og lærast om i årboka, og vert du nyfiken, så kan du og få med deg gamle joletradisjonar, blåbærplukking, mannskor, Syd-Georgia og hyllestar til både folk og hus! Og innimellom er det krydra med viser og vers, og masse bilete! Dette er ei fryd av ei årbok!

Av Olaf Moen

Denne Vegårsheiruta var også bygd av Lars O. Larsen. Dette er en 1946 Ford.

Foto fra boka



# Samhold og svik

*Et mørklagt kapittel i historia om de norske Sachsenhausengangene*

Det var på tide denne kom. Boka, som er skriven av Øystein Bentsen og utgjeven av forlaget Oktober, er ein minnestein. Kanskje vart fundamentet lagt da forfattaren gjekk i femte klasse, og faren, Harry Olsen Bentsen, fortalde om dei mørke åra då han var i tysk fangenskap i Sachsenhausen. Mange norske hadde vore i konsentrasjonsleirar.

Ei lang rekkje bøker har skildra «Nacht und Nebel» og umenneskelege forhold under fangenskap. Mange av desse bøkene legg eit «mørke» over det som ikkje skjedde etter krigen. Øystein Bentsen si bok på 320 sider tek opp det mørklagde kapitlet. Den skildrar faren og andre kommunistar som overlevde fangenskapet, og kastar nytt lys over samhold og svik mellom fangane.

Boka byrjar med å sitera frå ei nemnd som hadde granska tilhøva i Sachsenhausen: *Høsten 1944 ble tre kommunistiske tillitsmenn, Kristian Mugaas, Carsten Aasebø og Kaare Hagen fjernet som tillitsmenn for de norske fanger i Sachsenhausen. I den forbindelse er av noen Sachsenhausen-fanger blitt hevdet at fire norske fanger: Arvid Johansen, Aksel Zachariassen, Leif Jensen og Odd Nansen skulle ha arbeidet bak tillitsmennenes rygg for å få tyskerne til å fjerne dem. Dette skulle ha ledet til at de tre tillitsmenn også måtte forlate leiren, og endte i Bergen-Belsen hvor Aasebø og Hagen døde, mens Mugaas kom syk til Sverige og døde der.* Sitatet er frå pressemeldinga frå Granskingsnevnden 25. mai 1946, etter den såkalla «æresretten» 3.–6. april 1946. «Nevnden har avhørt partene og - - - den har nå avsagt sin kjennelse. - - - de rykter som har gått om at de fire norske fanger skulle ha arbeidet for dette - -, savner ethvert saklig grunnlag.»

ØYSTEIN Ø. BENTSEN

## SAMHOLD OG SVIK

Et mørklagt kapittel i historien om de norske Sachsenhausengangene.

FORLAGET OKTO



Nemnda vart danna av regjeringsadvokat Bødtker under statsminister Gerhardsen. Dei fire ovanfor nemnde vart i november 1945 klagt inn til nemnda av Peder Stavenes, som var med i Landssvikavdelingen.

Vi får forteljinga om faren som etter heimkoma friskna til, følgde med på nyhende i radio og kommunistaviser for å finna om det vart reist rettssak mot Odd Nansen og dei tre andre.

Bentsen kom til Tyskland i februar 1943. Utover i boka får vi til fulle skildring av liv og


FRAMHALD NESTE SIDE

død i Sachsenhausen og andre leirar. Ved fleire høve var Mugaas den som berga Bentsen i sjukdom og andre kritiske hendingar. Samhaldet viste seg også på andre måtar: Tillitsmennene fekk til oppgåve å fordela hjelpesendinga med mat og medisinar. Til norske fangar kom Raudekross-pakker og svenske-pakker i tillegg til dei som var frå private. I leiren var det etter kvart (utover i 1944) fleire andre, i hovudsak sovjetiske, som trong sendingane meir enn nordmennene. Dei kommunistiske tillitsmennene delte så godt dei kunne, sjølv om det var forbode å gå inn i den sovjetiske delen av leiren.

Etter kvart var pakkeoverskotet så stort at det vart grunnlag for hjelp til sjukehusbrakkene, ungdomsbrakka og til sovjetarane. I tillegg kunne tillitsmennene byta til seg varer og tenester som nordmennene trong. Harry Bentsen, som arbeidde i vaskeriet, kunne hjelpa til med dragkjerra der pakker var løynde under klevasken.

Dei fangane som var misnøgde med å ha kommunistiske tillitsmenn, nytta seg av omlegging i leirforvaltninga våren 1944, der kriminelle og asosiale fangar overtok funksjonar for politiske fangar. Ein komité med Odd Nansen i spissen vart danna for å skifta ut dei tre norske kommunistiske tillitsmennene. Aasebøe og Hagen døyr i Bergen-Belsen. Mugaas døyr på veg heim, i april 1945.

Av Odd Vevle




## CARSTEN OLIVER AASEBØ

*Takk for din uredde optreden og for alt hvad du har utrettet for oss norske fanger i K.L.Sachsenhausen og K.L.Bergen Belsen.*

Fra CARSTENS kamerater, tilegnet hans mor **OLINE AASEBØ**

*Avskjedsadresse til Oline Aasebø, mor til Carsten Aasebø, laget av Leif Nordstrand i Neuengamme, april 1945. Undertegnet av 844 norske Sachsenhausenfanger.*

## Agder Historielag er støtta av



Aust-Agder  
fylkeskommune

og



Vest-Agder  
fylkeskommune



# I fluktsporene til operasjon Carhampton

**Den første helga i januar i år gikk seks spreke ungdommer fra Heimevernet i Lister i sporene til fluktruta som løytnant Odd Starheim og hans menn fulgte under den dristige operasjon CARHAMPTON i 1943. I tillegg ble det lørdag kveld 7. januar arrangert Carhampton-kveld i Eiken, der et hundretalls interesserte gjennom foredrag, film og en personlig beretning fra motstandsmannen Rolf Smith Sunde, fikk et spennende møte med hendelser fra andre verdenskrig.**

Bakgrunnen for operasjonen CARHAMPTON var at britene ønsket å gjøre et anslag mot den tyske skipstrafikken langs norskekysten. Natt til søndag 3. januar 1943 ble 30 soldater fra Kompani Linge og 11 fra Den kongelige norske marine landsatt ved Tele, et par mil nordvest for Flekkefjord. Operasjonsordren var

å kapre inntil fem tyskkontrollerte handelsfartøyer på Risholmreia ved Abelnas og føre dem over til Storbritannia. Aksjonen var under ledelse av løytnant Odd Kjeld Starheim (26 år) fra Lista. Fra vår landsdel deltok foruten Starheim, Albert Abrahamsen (24) fra Spind, Tor Hugo van der Hagen (26) fra Farsund, Frank Olsen (26) fra Fjære, Rolf Johan Maynard Olsen (27) fra Grimstad, Hans Jacob Rolfsen Winge (33) fra Farsund og Johan Fredrik Jakobsen Aaros (32) fra Søgne. Yngst av Carhampton-soldatene var Reidar Kristiansen på 19 år fra Sandefjord.

## Utdanningsprogram i HV

Den som hadde ideen om å gå den samme fluktruta til Carhampton-karene i januar 2012, var fenrik Stian Nøkland, instruktør for Heimevernsungdommen i Lister. Nøkland forteller at i utdanningsprogrammet til Heimevernet står det at soldatene skal lære om feltlivet og hvordan de skal overleve i ekstreme forhold i naturen. I tillegg skal de gis kunnskap om forsvarets historie. På denne turen ville de få med seg begge disse delene. Med seg på marsjen fikk Nøkland de seks HV-ungdommene Robin Ingwersen (17) fra Eydehavn, Lasse Tønnessen (18) fra Lyngdal, Kristian Kavli (18) fra Stavanger, Sindre Tjørsvåg (16) fra Flekkefjord, Håkon Heradstveit (17) fra Bergen og Øyvind Nilssen (17) fra Varangerbotn i Finnmark. Med på turen var også HV-fenrikene Daniel Hagen og Stian Nøkland fra Lyngdal.

**FORTS. NESTE SIDE**



*Odd K. Starheim (1916–1943) fra Lista var leder for operasjon Carhampton. Sammen med 15 Carhampton-soldater kapret han den arendalske kystrutebåten D/S «Tromsund» vest for Flekkefjord 28. februar 1943. Dagen etter ble skipet senket i Nordsjøen av tyske fly mens det var på vei mot Aberdeen i Skottland. Alle om bord omkom.*

Foto: Norges Hjemmefrontmuseum, Oslo

## Dramatisk krigsoperasjon

Den 9. januar 1943 foretok de 41 Carhampton-soldatene et første forsøk på å kapre fire tysk-kontrollerte båter ved Abelnes. 17 av karene ble kjørt med lastebil av Rolf Smith Sunde (22) fra Håskog ved Tele til veikrysset opp til Kvelland på veien ut til Abelnes. De 24 andre soldatene ble fraktet med båt til Kvellandsstranda. Herfra marsjerte de til operasjonsplassen. Men angrepet måtte avblåses da soldatene i nattmørket ikke fant fram til den tyske vakt-hytta som måtte settes ut av spill før kapringen. I tillegg var det en ulempe at de bare fant to robåter på Abelnes, som skulle frakte Carhampton-partiet ut til skipene.

Natt til 15. januar 1943 ble det gjennomført et nytt kapringsforsøk. Denne gangen ble to av Linge-karene oppdaget rett før de skulle uskadeliggjøre noen tyske vakter på Vardnesodden. Det oppstod skuddveksling og mannskapene om bord på de tyskkontrollerte båtene ble alarmert. Starheim og hans mannskaper besluttet å komme seg unna i fire robåter over Stolsfjorden og Fedafjorden. De gikk i land i Heptura og Gjildra mellom Sandvigsstranda og Eigeland. Herfra fortsatte de flukten forbi Ulland-gårdene mot Opofte og videre til den



*HV-ungdommene som gikk i fluktruta til operasjon CARHAMPTON. Fra venstre Robin Ingwersen, Lasse Tønnessen, Kristian Kavli, Sindre Tjørsvåg, Håkon Heradstveit og Øyvind Nilssen.*

**Foto: Stian Nøkland**

fraflyttede heiegården Båstøl på Kvinesheia, hvor de kalde og sultne kom fram etter 26 timers marsj ved 14-tida lørdag den 16. januar. Der brøt de seg inn i et hus og lette forgjeves etter noe å spise. I mellomtiden fyrte de opp i ovnen og fikk tørket våte uniformer. Utover gulvene la de høy til å hvile og sove i. Flere av soldatene hadde gått denne marsjen i sneipesko, tynne sko av lær, som de lydløst skulle klatre om bord i de kaprede skipene med. Disse skoene var svært glatte og totalt uegnet for

*I januar 1943 flyktet 41 norske soldater over Kvinesheia og opp til Eiken etter den mislykkede operasjon CARHAMPTON. I januar 2012 gikk seks spreke HV-ungdommer nesten hele den same fluktruta.*

**Foto: Stian Nøkland**



denne typen strabaser i et snødekt heilandskap.

## I fotsporene til Carhampton

Med bakgrunn i disse historiske hendelsene, startet de seks HV-ungdommene i fotsporene til Carhampton-karene ved gården i Sandviks-stranda fredag 6. januar 2012, kl. 22. Etter å ha gått i retning Opofta, kom de etter 10 timers nattmarsj fram til Båstøl kl. 08 lørdag morgen. De slapp å bryte seg inn i huset her, slik Starheim og hans menn måtte gjøre det i 1943, for de hadde fått utlevert en nøkkel av eieren. De la seg for å hvile og sove noen timer, før de ved 13-tida forlot det gamle Båstøl-huset med kurs for Nordhelle og Øvre Førland.

## Krigsdramatikken fortsetter

Under flukten i 1943, ble Carhampton-soldatene den 17. januar ført av motstandsmannen Johan Vegge fra Båstøl via Øvre Førland og ned til Vemestadbrua i Kvås. Herfra ble de fleste av soldatene fraktet med en buss, kjørt av Osvald Egeland og Trygve Vegge, opp til Pål Eiken på Skogly i Eiken. Her fikk de mat og ble lagt i dekning i Eikens låve. Om kvelden i 19-tida ble de ført via Handeland innover Hekkfjellet til ei hytte ved Sandvatn, en tur som tok dem 5 timer.

HV-ungdommene i 2012 gikk på sin side til Nordhelle og videre til Øvre Førland, krysset gamle E18 og fortsatte på kjøreveien (Fv 461) mot Vemestadbrua, den samme veien som Johan Vegge førte soldatene i nattetørket i 1943. Omkring 9 kilometer før de kom til Vemestadbrua, avbrøt HV-ungdommene marsjen, for å rekke Carhampton-arrangementet i Eiken klokka 19.00.

## Stort oppmøte i Eiken Bedehus

Omkring 100 personer møtte opp i Eiken bedehus på denne Carhampton-kvelden, som ble ledet av tidligere ordfører John Fidjeland. Forfatter Magne Haugland fra Søgne holdt et foredrag om disse dramatiske hendelsene, som han tidligere har skrevet en bok om («I natt gjelder det!», 2001). Det ble vist utdrag fra filmen «Det største spillet» fra 1967, som noe overdrevent skildrer Carhampton-soldatene under angrepet ved Abelnas. Den nå 91 år gamle Rolf Smith Sunde fra Flekkefjord fulgte opp med en personlig beretning om da han kjørte soldatene i lastebil fram mot angreps-

**FORTS. NESTE SIDE**

*Lørdag 7. januar 2012 var det Carhampton-kveld i Eiken. Fra venstre ses Andreas Vegge med en Thompson maskinpistol og iført en uniform som en av Carhampton-karene la igjen hos familien Leland på gården Kvåsfidjan. Rolf Smith Sunde holder en av sneipe-skoene i hånda. Til høyre krigshistorie-entusiast Olav Lilledrange som viser fram ei pistoltaske som tilhørte en av soldatene.*

**Foto: Magne Haugland**



målet ved Abelnes i 1943 og at han dagen etter angrepet måtte kjøre to sårede tyske soldater fra Flekkefjord til sykehuset i Kristiansand. Sunde var selv inne på Sandvatnhytta på Hekkfjellet da kommandosoldatene lå i dekning der for 69 år siden, og han fortalte engasjert for en lydhør forsamling om da han måtte kjøre Starheim og noen av soldatene med drosjebil fra Rudjord i Kvås og til Austad ved Flekkefjord, da de skulle angripe Titania-gruvene i Sokndal.

I løpet av den krigshistoriske kvelden ble det også vist fram den våpen av samme type som Carhampton-soldatene hadde med seg i 1943: ett brenngevær maskingevær og Thompson maskinpistol, samt en komplett Linge-uniform som en av soldatene bar i 1943.

Filmskaper Ulrikke Tveiten Benestad informerte om filmen som hun ønsker å lage om slektningen sin, Pål Eiken.

## Videre til Sandvatnhytta

Etter at Carhampton-kvelden var slutt, gikk HV-ungdommene kl. 23.30 fra Rudlend og inn til Sandvatnhytta, en marsj på to og en halv time. Carhampton-karene i 1943 hadde valgt en mer sørlig rute via Handeland. HV-ungdommene fikk seg nå en fortjent natts søvn på Sandvatnhytta, som i dag har blitt utvidet siden krigens dager. Det kan her føyes til at oldefar til Stian Nøklund, Ola O. Handeland d.e., var den som eide denne hytta under krigen.

Da HV-ekspedisjonen omsider var over, var alle ungdommene slitne, men fornøyde. I likhet med Carhampton-partiet fra 1943 hadde de trasket i 1–2 fot med snø uten særlig tele i jorda.

«Carhampton-gutta anno 2012» bar også en sekk med oppakning som veide 10 kilo, samt et AG-3 maskingevær på 4,5 kilo. For HV-ungdommene ble den strabasjøse turen utvilsomt et minne for livet.

**Av Magne Haugland**

*Hytta ved Sandvatn på Hekkfjellet hvor Starheim og de 40 Carhampton-soldatene lå i dekning i en måned i januar/februar 1943. Venstre del av hytta har blitt påbygd etter krigen. Tråkket i snøen inn til hytta ble laget natt til 8. januar 2012 da åtte HV-folk gikk fluktruta til Carhampton-karene på nytt.*

**Foto: Stian Nøklund**





*Høyonn en fin sommerdag i 1954 på Uglesmyr. Fra venstre: Agnes Lauve, Trygve Lauve, Birgit Espeland, Anne Torunn Lauve, Alf Helman Espeland, Tovre Bernt Espeland, Arne Lauve og Gunnar Lauve.*


Bilde fra boka

# «Det er en mening bak»

**Slik lyder tittelen på en bok skrevet av Harald Langmyr. Den kom ut i 2011 med layout og trykking ved Tvedestrand Boktrykkeri, og det er blitt en tiltalende bok på 192 sider. Forfatteren var ambulerende vaktmester i over 18 år og traff i den anledning mange hyggelige mennesker som fortalte sin livshistorie. Mange i den aldersgruppen har hatt mye å fortelle.**

Det har for de fleste vedkommende vært et hardt og strevsomt liv, noe som har utviklet en god karakter i en vanskelig tid. Hva har det for eksempel ikke hatt å bety at en mann var omkring 20 år da 2. verdenskrig begynte? Flere hadde reist til sjøs før krigen og ble således ute under hele krigen, eller de kom med i motstandsbevegelsen her hjemme.

**FORTS. NESTE SIDE**



Forfatteren skriver i forordet at tittelen «Det er en mening bak» skyldes at noen har «betrodd seg om noe merkelig som skjedde i deres liv og virke». Et eksempel i så måte er onkelens historie. Han var til sjøs og fikk som nest yngste om bord en pakke til jul, som i neste omgang ledet ham til giveren, som ble hans kone. Han sier selv at «alt er så merkelig».

Boka handler ikke bare om tilfeldigheter. Flere har hatt vansker en eller gang i livet, men for enkelte har det ført til et langt og lykkelig liv. Forfatteren ønsker at fortellingene ikke bare skal gi leseren underholdning, det skal også «bidra til ettertanke».

Boka inneholder 24 forskjellige historier, der to av disse er selvopplevde. Åtte av artiklene har kanskje noen lest, ettersom de tidligere har vært publisert i «Tvedestrandsposten».

Boka er rikt illustrert med bilder, både eldre sort-hvitt bilder og fargebilder av nyere dato. Boka er på den måten blitt et praktverk.

Samtidig speiler den både storsamfunnet og lokalsamfunnet, så lokalhistorien får ved disse beretningene fra hverdagslivet en stor plass. Ekstra interessant må det være for dem som på en eller annen måte er knyttet til disse lokalitetene, det være seg Vegårshei, Songe eller Lyngør.

For yngre mennesker må denne boka være et funn. Her får de en greit og godt skrevet innføring i tidligere slekters hverdagsliv. Den oppvoksende slekt vil ha virkelig stort utbytte av å lese disse fortellingene. Det gjelder ikke bare lokale forhold langs Sørlandskysten, de favner videre enn som så. Forfatterens to reiseskildringer «Opplevde grindefangst på Færøyene» og «Til foten av Mont Everest» demonstrerer dette på en glimrende måte.

Leseren vil få mange opplevelser ved å fordype seg i disse fortellingene ført i pennen av Harald Langmyr.

Av Arve Aarrestad

*Fra tømmerfløting på Songevann i 1922.*

Bilde fra boka



# Medalje som fortent!

*Intervju med Bjørn Slettan*

**Bjørn Slettan fekk overrekk Kongens fortjenestemedalje i sylv av ordføraren i Mandal på Kjøbmandsgården i Mandal 1. desember 2011 – og sjølv sagt hadde andre sentrale folk i Holum Historielag ein finger med i spelet for denne tildelinga.**

– Eg vart teke heilt på senga, innrømmer han straks, når me spør om han ante ugler i mosen føre tildelinga. Dottera spurde om me var ledige den kvelden, og at ho ville spandere på kona og meg til ei forandring, sidan dottera og familien hadde vore i fleire selskap hjå oss dette året, forklarar han vidare.

– Men då eg vart sitjande med eitt tomt sete mellom Knut Lindseth (tidlegare ordførar, og no museumsstyrar) og meg, og eg fekk vite at på den tomme plassen rett ved sida av meg skulle ordførar Tore Askildsen sitje, ja, då skjønna eg jo at noko var på gong, smiler han. Like etter avslørte Helge Wiig (sentral tillitsvald i Holum Historielag) kvifor det var samla 50 menneske rundt Bjørn denne kvelden.

Bjørn har vore lærar i 44 år, ved Måsøy folkeskole, Oslo folkeskole, Mandal kommunale høgre allmennskole, Mandal ungdomsskole, Mandal Gymnas og Agder Distrikthøgskole/Høgskolen i Agder. Han har òg vore forskar for Norges allmennvitenskapelige forskningsråd og har historie hovudfag, engelsk bifag (mellomfag) og historisk-filosofisk embetseksamen av høgre grad (cand. philol.). Han har eit engasjement for historie av dei sjeldne – som særleg lokal- og regionalhistorieinteresserte har nytt godt av, men òg på landsbasis har han gjort ein særskild innsats. Han var nestleiar i LLH frå 1982-1983 og leiar frå 1983-87. Han var redaktør for Heimen frå 1999-2002 og har vore LLH sin representant i Nordisk forbund for lokalkultur.

– *Kva sette du mest pris på ved å vere leiar for LLH?*

– Å verte kjend med mange historikarar rundt i landet. Eg fekk større venekrets og fekk

innblikk i korleis dei gjorde historielagsarbeidet andre stader. Eg var faktisk fyrste formann i det nye LLH – då laga skulle velje representantar til styret i LLH, i staden for at styret berre vart utnemnd.

– Stein Tveite og eg var forresten dissenterar i styret – noko som var nokså uvanleg på den tida, men det var no ikkje så mange sakene det galdt, humrar han.

Den regionale innsatsen kjem i stor grad fram i band 5 i Agdersoga, eit ruvande historieverk på 520 sider utgjeve i 1998 som han var forfattar for. Enno i dag sit han i Agdersogekomitéen som heile tida jobbar fram fleire band i serien.

– *Kva likar du best ved å sitje i Agdersogekomitéen?*

– Å lese det andre skriv, kjem det kjapt. Det er veldig interessant å fylgje med på bandet 1350-1642 som Stein Tveite skriv på no, held han fram.

– *Interesserer absolutt all historie deg?*

– Ja, det vil eg ikkje seie, seier han fyrst, men tek seg i det og rettar raskt til: –Jo, for så vidt...

– Det var ikkje så enkelt å få oppretta historiefaget på ADH (Agder Distrikthøgskole, no UiA – Universitetet i Agder), skal eg fortelje deg: Me måtte klage i lange banar til departementet. Dei trudde ikkje det ville gå særleg bra – verken når det galdt økonomi eller tilslutnad. Til slutt vart det oppretta ei stilling i 1991 som gjekk på engasjement for tre år. Departementet rekna nok med at det ikkje vart meir etter det, men faktum er at det aldri har vore få studentar på historiefaget. – Og sjå no, no har dei til og med fått hovudfag i historie!

– *Merker du skilnad i historieinteressa til folk før i tida og no?*

– Nei, den er stort sett lik; dei aller fleste har slekta som hovudinteresse.

– *Kvar kjem den frå, den enorme historie-hugen din?*

– Far min var veldig historieinteressert; han

**FRAMHALD NESTE SIDE**

var ein del i arkiva og fann ut ting. I 20-30-åra var det ikkje så mykje interesse for historie på bygda, men han fekk no i stand eit historielag med 10-12 interesserte. Heile tida var det oppe, dette med bygdebok, særleg i 60-åra, då eg vart med (Slettan er fødd i 1931). Me fekk nokon til å skrive av frå arkiva, til dømes kyrkjebøkene i Holum og tingbøkene som galdt vårt område. Men me måtte få nokon til å skrive sjølve bygdeboka, og sidan det ikkje var nokon andre som tok det på seg, så gjekk det ikkje betre enn at eg sa at eg kunne vere forfattar for den: Holum. Gardshistorie (736 sider, utgjeve i 1977). Han har beint ut gjort eit enormt arbeid for lokalhistoria i nærare 50 år, og tok hovudfagsoppgåva på laksefisket i Mandalselva i eldre tid.

– *Er du laksefiskar sjølv?*

– Ja, eg fekk ein rugg på fire kilo for to år sidan, mæler han, og går snart for å hente bileteprov på dette – som alle laksefiskarar gjer...

Men han har skrive om mykje meir enn laks: Vest-Agder Venstre 100 år, Gull frå grønne skoger – Holum Skogeigarlag 50 år, Fløtin-

gens historie i Mandalselva, «O, at eg kunde min Jesum prise...» – folkelig religiøsitet og vekkelsesliv, Mandal bys historie og ei rekkje artiklar og redigering av artikkelsamlingar. Og han går inn i materialet med liv og lyst, til dømes vart dei gamle tømmerfløytarane intervjuet for å få opplysningar om korleis dei gjorde det. Han dreiv sjølv Slettangarden ein km opp elva frå der han bur no – og åtte hest, men aldri traktor, og hadde 12–15 mål dyrka mark og 120 mål skog. No har ein av dei tre sønene overteke garden.

Holum Historielag vart oppattliva i 1980 med Bjørn Slettan som inspirerande initiativtakar – då kom det så mange som 30 personar på fyrste møtet – og bladet «Vår arv» kom ut med jamne mellomrom etter kvart, naturleg nok med Slettan som redaktør. Historie er i vinden som aldri før, og det er vel eit tydeleg teikn på at mennesket treng historia si – og treng å kjenne røtene sine. Då er det så godt at nokon har teke tak og teke vare på det. Den kongemedaljen er verkeleg fortent!

Av Borghild Lover

Ordfører Tore Askildsen har nett overrekk kongens fortanestmedalje til Bjørn Slettan.

Foto: Beint Foss





# Sjøfugljakt på Sørlandskysten og hvordan viltet ble brukt

*Hvordan jeg opplevde denne jaktformen i 1950-årene og hvordan viltet ble brukt hjemme*

## Forberedelser

Opplæringen i denne jakten fikk jeg av min far som vokste opp på Åkerøya, men som i 1937 flyttet til Vikeland i Vennesla. Spesielt husker jeg forberedelsene fra første gang jeg var med min far på jakt omkring 1950.

Jeg gikk ennå på folkeskolen da jeg ble spurt om være med på alkejakt. Dette var spennende, og melding ble skrevet til skolelæreren, som ga meg én skolefri dag.

Vi var nå i september, og min far hadde fulgt med på værmeldingene som de siste dagene hadde meldt sterk, nordvestlig vind på Vestlandskysten. På strekningen Lindesnes til Stavern ble det meldt svak østlig vind, og dette var ønskevær.

Hjemme ble haglegeværet kaliber 12 satt fram sammen med flere ti-pakninger med Nitedals haglpatroner, haglstørrelse 4.

Bensintanken i motorbåten var fylt opp og en 20-liters jerrykanne var satt i reserve under bakken forut i båten.

## Jaktdagen

Vekkerklokken hjemme ble stillet til klokken fem. Min mor sto også opp sammen med oss, kokte kaffe og smurte niste. Drosje var bestilt, og kjørte oss fra Vikeland til Ålefjær.

Motorbåten var 21 fot med en svensk to-sylindret Solo motor på fem-syv hestekrefter. Båten hadde ikke vindskjermer, men kalesje med bakslag. Det var enda mørkt da motoren ble startet og vi dro ut Topdalsfjorden. Kalesjen var oppe og det ble etter hvert ganske lunt inne i båten. Båtturen ut Topdalsfjorden tok ca. en time og nå nærmet vi oss Grønningsfyr.

Nå ble kalesjen lagt ned og jakten kunne begynne.

Jeg kjente hvordan spenningen steg da vi kom ut i havstrømmen. Min far fortalte at havstrømmen gikk vestover og at den kom fra Østersjøen ut i Skagerak og ble videre presset mot Sørlandskysten. Det var litt skvalpesjø, men foreløpig var alt greit.


De første alkene (klonsene) lå på vann like utenfor Grønningsfyr. Båten ble nå manøvrert opp på lo-side av alkene og børsa kom fram. Et skudd ble løsnet og der lå to steindøde alker. Nå måtte jeg fram med hoven og alkene ble lagt pent på rygg på en av benkene forut. Vi fortsatte lengre ut til vi var omkring en time ut i fra land.

Vi begynte nå å kjøre østover og i luften så vi både vindmåker og «jan van gent»er (havsul). Men nå begynte jeg å føle meg uvel i magen og ble skikkelig kvalm. Jeg la meg ned på benken forut, men måtte snart opp og ofre mageinnholdet over båtripa. Jeg fikk nå beskjed om å spise litt og drikke noe vann. Det gikk ikke lang tid før jeg følte meg bra igjen, det ble skutt mange både *klonser* og *spyder* (lomvi) som jeg måtte hove inn.

Vi avanserte østover og det ble flere ofringer over båtripa, jeg ble trøstet med at min far også som ung hadde vært mye sjøsyk da han hadde vært med sin far på sildefiske, men hadde vokst sjøsyken av seg.

På sjøen utenfor Kvåsefjorden var det fugl både på vann og i luften. At min far var en god skytter, fikk jeg på denne dagen til fulle bevist. Det forekom nesten ikke et bomskudd og spesielt fluktskuddene imponerte meg ordent-

**FORTS. NESTE SIDE**



lig. Han lærte meg også at når alkene lå på vann så var det viktig å komme med båten opp på lo-side for fuglene. Når fuglen letter fra sjøen så vil den som regel alltid lette mot vinden.

Også på vann var det noen gode råd å få: Når en spyde dykket, så kom den mange ganger opp igjen i den samme retningen den hadde dykket, men klonsene derimot kunne komme opp igjen i en helt annen retning enn de hadde dykket.

Motoren putret og gikk som en klokke og etter en stund så hadde vi Tronderøyholmen innenfor oss. Nå var vi i et område hvor min far var lommekjent fra den tiden han hadde drevet med rekefølging.

Utenfor Åkerøya lå en rekefølger og dro trålen i «Rio-renna». Navnet fikk renna etter at en polsk ubåt torpederte det tyske trosskipskipet «Rio de Janerio» 9. april 1940. Rekefølgeren som lå her ble ført av en kamerat av min far. Vi kjørte opp på siden av tråleren og

etter å ha hilst på, så ble både rekefølging og alkejakt kommentert.

Vi hadde nå fått en masse alker og kjørte inn mot Kjøpmannsvik på vei hjemover. Vi fortsatte videre Blindleia via Gamle Hellesund over Ramsøysundet til Ulvøysund over Kvåsefjorden gjennom Randesund og inn Topdalsfjorden til Ålefjær.

Motorsjekta, som het «Hobby», ble fortøyd, drosje ble bestilt og vi fikk skyss hjem til Vikeland.

Hjemme ble fuglen hengt opp på veggen i en kjølig garasje.

Neste dag ble noen av alkene gitt bort til familie og kjente.

Etter hvert så ble det årlige jakturer, og snart begynte min far å lade halve skudd, det var skudd med små kruttmengder. Disse halve skuddene ble ladet hjemme med svartkrutt. Med disse skuddene fikk jeg prøve meg på alkekonger.

Sjøsyken min var vanskelig å kurere og jeg måtte utallige ganger ofre mageinnhold, men

spenningen med jakten oppveide slike bagatel-  
ler.

Jeg lærte mye om de forskjellige fuglene vi fikk se på sjøen om høsten. Den lille alkekongen var et vanlig syn, og den kunne være svært så tam.

**Alkekongen** hadde forskjellige kallenavn. I Høvåg ble den kalt for «hestelort», på Flekkerøya het den «pottigraut» og i Randesund het den «snustønne». Lundefugl, eller «sjøpapegøye», ble i Høvåg kalt «judalke», den hadde ikke de samme fine fargene på nebbet som i hekketiden. Like ved land hendte det også at vi fikk se teist. Den ble kalt «Per drikker». Navnet skal den ha fått på grunn av sin vinglete flukt. Teisten var vanskelig å skyte når den lå på vann, jeg hadde inntrykk av at den nærmest hadde dykket før haglladningen nådde fram.

Omkring de ytterste holmene var det ikke uvanlig om høsten å se tyvjo. I Høvåg ble den kalt for «trulort». Den jaget gjerne måker helt til måken gulpet opp det siste den hadde spist og derved fikk tyvjoen sitt måltid.

**Havsulen**, som gikk under navnet «Jan van Gent», var ofte å se på Sørlandskysten om høsten etter dager med mye vind på kysten av Vestlandet. Havsulen var en elegant fugl når den kom flygende på stive vinger og stupte som en pil etter sild. Den var fredet den gang akkurat som i dag.

Dersom det under alkejakten var lite alker, så ble det gjerne skutt noen gråmåker, men det måtte være unger av året, for de voksne var gjerne seige å spise. I Ulvøysund hang det mye gråmåker på skibbuene. Svartender så vi helst litt sent på høsten i trekk østover. Det er blitt meg fortalt at for en del år siden så sto ungdommen på Åkerøya om høsten og skjøt svartender under trekket.

**Haveller**, som er en mindre brednebbet and, lå mange ganger på vannet helt inne mot grunnene hvor sjøen brøt. Hannen var spesielt pen å se på med sin lange halestjert.

**Både storlom og smålom** var ikke uvanlig å se om høsten.

**Storskarv** ble vanligvis bare sett enkeltvis.

**Fiskeender** med store kull lå mest ved de ytre skjærene.

**Vindmåker** så vi overalt ute på sjøen. Noen ganger under alkejakten så lagde vi måkeboll. For å kunne lage måkeboll så trengte vi fiske-

lever. Omkring de ytterste grunnene ble det gjerne fisket en god del sei. Fisken ble rensert og leveren knust i neven og lagt i en bøtte. Hele innholdet i bøtten ble så kastet ut på sjøen. Når vindmåkene fikk se leveren, kom de flygende fra alle kanter. Måkene sto nesten stille i luften og spiste av leveren.

Dersom det nå var alker som fløy, så satte de straks kurs for måkebollet. Vel framme så satte de vingene nesten på tvers og stupte i sjøen. Alkene kunne nå skytes i flukt eller når de lå på vann. På vann ble de ikke liggende lenge, men dykket for å se om her var småsild. Alkene er fantastiske til å dykke, men så snart de oppdaget at det ikke var sild, så var de raske til å fly videre. Jakten ved måkebollet kunne fortsette så lenge det var alker som fløy i området.

## Nødopplegg

At alkejakten senhøstes kunne være farlig, var kjent. Ikke sjeldent kunne avisene fortelle om alkejegere som forsvant på sjøen. Høsten kan være lunefull med vær som skifter fort fra maksvær til skikkelig uvær. Min far, som hadde erfaringer fra sjøen, hadde tydelig tenkt over situasjoner som kunne oppstå.

Motoren regnet han normalt med at han kunne stole på. Men skulle det skje at den stoppet og at den ikke lot seg reparere, så hadde vi noen hjelpemidler. Motorbåten var utstyrt med årer, og med hver vår åre så kunne vi ro til land. Bakslaget til kalesjen kunne brukes som seil eller som drivanker for å holde båten opp mot vinden. Båten var også utstyrt med en god manuell vannpumpe

Under bakken forut sammen med reservebensin lå også en stor flaske med drikkevann.

## Anvendelse

Det ble ganske tidlig klart at etter en kort opplæring, så fikk jeg arbeidet med å gjøre fuglene gryteklare hjemme.

Først måtte alkenes plukkes rene for dun. Denne operasjonen foregikk i kjelleren, sitende på en stol med en regnfrakk over knærne. Alken ble holdt i bena og først plukket ren på ryggen, deretter ble all dun plukket av bryst. All dun ble samlet i en stor pappdunk for

senere å bli brukt i dyner og puter. Til ei dyne mener jeg å huske at det gikk med langt over 100 alker.

Når alkene var plukket rene så ble hode, vinger og ben hogget av med en øks. Bryst og rygg ble skilt fra hverandre slik at innmaten kom fram. Både lever og hjerte ble tatt vare på. Etter rensking ble eventuelt utvendig fett fjernet og alt ble skyllet i vann. Deretter ble rygg, bryst, lår, hals, lever og hjerte lagt i kaldt vann tilsatt noe eddik for å fjerne blodrester. Dette foregikk kvelden før vi skulle ha dem til middag.


Hjemme var vi syv personer og det ble gjerne brukt fire–fem alker til middag. Middagen, som ble laget av min mor, hadde

lært hvordan alker kunne tilberedes av sin svigermor på Åkerøya.

Under tillaging av middagen var jeg en nysgjerrig tilskuer. Alle de renskede delene ble tatt opp av eddikvannet og gitt et raskt oppkok i rent vann. Deretter ble delene tatt opp, tørket med papir og brunet med smør i en stekepanne. Etter bruning ble alt lagt i en stor gryte sammen med en oppkuttet løk. Koketiden var omkring en time, og smør og mel ble brunet og sammen med kokekraft laget til saus, og tilsatt salt og pepper.

Ved siden av alkene i brun saus pleide vi å ha kålstuing og poteter.

Av Arnulf Grønvd  
Illustrasjoner Arvid Bergstøl



# Marnar-minner

Årsskrift for Marnardal historielag 2011

**Det er alltid spennande å få års-skrift frå eit historielag i hendene. Marnar-minner er nytt for meg, og som utanbygds lesar har eg også her funne fleire interessante artiklar. Årsskriftet er på 96 sider, og artiklane tek føre seg ulike emne som t.d. skule, jernbane-bygging, idrettslag, amtutstilling, Edwards historie (om ei gamal sag og mølle på ein heiegard), Uglandfamilien og historisk merkedag i Marnardal kommune.**


Den fyrste artikkelen i dette årsskriftet er ei interessant utgreiing av Ragnar Fidjestøl om skulen på Høye. Han startar med lov om skulen frå 1739 og fortel deretter om omgangsskulen, målstrid og skulen utover 1900-talet. Lærar Skodvin innførte nynorsk i 1912 utan å vente på endeleg vedtak i skulestyret. Bygdeborna snakka ein dialekt som låg nær nynorsken, og han tykte det var urimeleg at dei skulle skrive «dansk-norsk». Dette vart det målstrid av, og fyrst i 1926 hadde skulestyret og skuledirektør godkjent nynorsk både på Høye og Breland krins i Øyslebø.

Interessant er det også å lese artikkelen til Torbjørn Hodne om jernbanen frå Kristiansand til Stavanger som det tok 70 år å få ferdig. Johan Sverdrup fekk i 1873 med seg Stortinget på å opprette ein eigen jernbanekommisjon. Innstillinga året etter gav uttrykk for at Sørlandsbanen burde kunne stå ferdig i 1888! Men usemje om traséval både på Jæren og i Vest-Agder var med og forsinka arbeidet. Dei ulike traséval for jernbanen var nytt stoff for meg og difor svært interessant. Folk i innlands-bygdene såg kor viktig jernbanetilnknytning var, og mange kjempa mot kystlina – som vart offisielt stukke frå Kristiansand til Egersund i 1876.

Fyrst i januar 1922 vedtok Stortinget at arbeidet på den noverande strekninga fram til Stavanger kunne take til. Banen vart likevel ikkje offisielt opna før 1. mai 1944.

## Marnar-minner

Årsskrift for Marnardal historielag  
2011



Korleis det var å leve i bygde-Noreg frå slutten av 1800-talet og fram til langt uti førre hundreår, gjev historiene om Maria Røynesdal og Ugland-familien oss eit godt inntrykk av.

Maria vart fødd i 1898 og vart buande all sin dag på den einbølte heiegarden, Røynesdal i Bjelland. Offentleg veg kom i 1929, men det vart aldri innlagt straum. Til slutt sat ho att der åleine til ho døydde i 1985, men ho treivst med å vere der. Rart å tenkje på at det var liv og røre ein gong i tida, gang- og ridevegar gjekk framom på 17–1800-talet, og det var mykje folk i den tida ho var ung. Me kan også lese eit fint stykke om gravferda hennar, som etter gamal skikk tok til i heimen.

FRAMHALD NESTE SIDE

Eit heilt anna liv var det for familien frå Uglandgarden på vestsida i Laudal. Historielaget i Marnardal har fått lov å bruke familiekroniken som Trygve Ugland skreiv i 2009. Han er fødd i 1924, altså ein generasjon etter Maria Røynesdal.

Å få gå vidare på skule var ikkje sjølvsgat for bygdefolk i mellomkrigstida, og slett ikkje under og rett etter krigen. Trygve Ugland tok realskuleeksamen 21 år gamal og hadde så gode karakterar at han kom inn på Grimeland i Oslo for å ta eksamen artium på eitt år. Dette gjekk på helsa laus, og det tok mest to år før synet kom tilbake og han fekk dra til Oslo att for å bli immatrikulert.

Vilje til å stå på og aldri gje seg, kom godt

med, og med denne slektskroniken har han samstundes gjeve oss eit godt bilete av samfunnet og utviklinga i Noreg både under og etter krigen.

Bilete er ein viktig del av ein presentasjon, og Marnar-minner har mange gode personbilete og bilete av arbeidsliv og bygningar som gjer det interessant å lese. Årsskriftet er til sals hjå Sparebanken Sør Øyslebø, Kyte Bok (Nomi) Mandal, Joker Bjelland, John Lauvdal, Svein Arild Strædet. Pris: Ikkje-medlemmer kr 150,- + porto kr 27, medlemmer kr 100,- + porto kr 27,.

Laget har også ei grei heimeside:  
<http://www.marnardal.historielag.org/>

Av Solveig Lima



Det var enkle midler som ble brukt på jernbaneanlegget. Men det ga inntekt til mange. Her er Thore Skjævesland på anleggsarbeid ved det som ble Øysebø stoppested.

Illustrasjon frå årboka

# AGDER HISTORIELAG

# Agders historie

## Bind 3: 1641-1723

Dette bindet av Agders historie, skrive av Ingeborg Fløystad, gir ei mangesidig skildring av landsdelen og folket der i eit tidsrom då mykje nytt kom til.

1641 fekk Agder sin første by med grunnlegginga av Kristiansand ved eit kongepåbod av Kristian 4. I 1723 fekk Arendal og Risør også bystatus.

Frå 1600-talet er dei historiske kjeldene mykje rikare enn i tidlegare århundre, og betre enn før får vi kjennskap til egdene og korleis dei levde.

Boka er rikt illustrert.

ISBN 978-82-90575-34-7  
Kr. 350.- 480 sider  
Format: 17x24 cm


- Styring og styringsmenn
- Folket
- Gardar og gardssamfunn
- Det daglege brødet
- Skogbruket
- Byvekst og handel
- Sjøfart
- Jernverk og gruvedrift
- Krav frå stat og styringsverk
- Materielle kår: hus og heim, klede
- Folket og livsførsla
- Undervisning og bokleg kunnskap

# Ingeborg Fløystad AGDERS HISTORIE

1641-1723



www.medialog.no



Boka kan tingast frå Agder Historielag, Postboks 136, 4662 Kristiansand.

Telefon 97 06 44 85 E-post: kontakt@agderhistorielag.no



# ny le

**Beint Foss, som har vore leiar i Agder Historielag sidan 2005, vart valt inn i styret i LLH (landslaget for lokalhistorie) for to år sidan. På landsmøtet på Romerike i fjor vart Beint valt til ny leiar for landslaget. EGDE grip fatt i han like før han dreg heim frå jobb i Henrik Wergelands gate, midt i Kristiansand sentrum ein strålende solskinsdag.**



# Leiarene i AH - eiar i landslaget

– Du har vore leiar landslaget i mest eitt år no, har det vore greitt?

– Eg driv frivillig arbeid, så når eg har teke eit slikt verv, er det sjølvsagt fordi eg tykkjer det er moro. Å ha det gildt er noko av drivkrafta mi. Det er artig å treffe folk frå heile landet; eg har òg vore på møte utanfor «mitt» område (styret i LLH har delt ansvar for dei ulike regionane mellom seg, red.mrk).

– Kva er du mest nøgd med i høve arbeidsoppgåvene dine i landslaget?

– Det er noko tidleg å tale om kva me har fått gjort enno, organisasjonsarbeid tek rett og slett tid, men eg kan jo seie at me har tenkt å spisse funksjonen til landslaget meir, slik at det vert ein paraply for den norske historielagsrørsla. Alle ting som på ein eller annan måte ikkje tener det målet, vert då skove i bakgrunnen. Heilt konkret freistar me lage ein smidigare organisasjon med betre og oftare kontakt i båe retningar – frå lokallaga til sentrallækken og motsett. Me har eit arbeidsutval som jobbar med dette og kjem med ei innstilling på dette. Det vert lagt vekt på å få til fungerande regionlag, helst med ein tilsett.

– Du trivast som leiar i Agder Historielag òg?

– Ja, heilt klårt, det er moro å vere leiar i denne regionen, og eg må seie at eg tykkjer me har fått AH «opp på skinnene» og til å fungere meir som ein paraplyorganisasjon.

– Kor mykje tid bruker du på landslaget for tida?

– Me har 4–5 styremøte i året – og dette tek jo gjerne to dagar, pluss ein del helgemøte, t.d. årsmøte i kulturvernforbundet, årsmøte i Telemark Historielag osv. Det vert faktisk raskt 15–20 arbeidsdagar i året.

– Har du nokre tankar om kva den lokalhistoriske rørsla skal oppnå?

– At alle som driv med kulturvern skal dra i same enden av tauet, svarer han kontant. Han utdjupar:

Historielagsrørsla er veldig ofte den mest levande delen av det sekulære foreiningsarbeidet rundt om i bygdene. Alle treffer kvarandre der, same kva politisk eller religiøst ståstad dei har.

– Gje fem gode grunnar for lokallag for å vere med i landslaget.

• At landslaget skal vere ein spjotspiss både på kunnskap og metode.

• At det skal vere ein velegna paraplyorganisasjon for lokallaga.

• At det finst offentlege midlar som landslaget deler ut etter søknad.

• At ein kan få mva-refusjon gjennom landslaget, har høve til skattefrie gåver m.m.

• Ein «sentral» som samlar spisskompetanse på lokalhistorie, til dømes gjev me ut Heimen – det einaste lokalhistoriske tidsskriftet i Noreg som gjev akademiske poeng.

– Tenk, 80–85.000 personar er medlem av eitt eller anna historielag i Noreg, og om lag 6.000 av desse held til i Agder. Men eg innser at ting tek tid, legg han til.

– Kva for eit historieemne interesserer deg mest?

– Norsk historie dei siste 200 åra, kjem det kontant frå Foss: Okkupasjonshistoria, unionsoppløysinga og historia rundt 1814-tida, altså dei tre mest dramatiske periodane i nyare norsk historie.

– Du held sjølv føredrag av og til?

– Mest personalhistorie/slektsgranskning, m.a. føredrag om oppkallingsskikkar – og 1905-føredrag med utgangspunkt i både riks- og lokalpolitikk. Hugs at eg ikkje er faghistorikar, presiserer han, men eg har alltid tykt det er kjekt å halde føredrag.

– Er det noko du er imponert over når det gjeld historielaga her på Agder?

– Ja, Kvinesdal Historielag – dei er verkeleg unike; har eit heilt utruleg høgt medlemstal (1232 medlemmer, red. mrk). Dei er dermed på det næraste kommunens «kulturkontor»; ingen tvil om at dei har dugelege tillitsfolk i laget. Elles må eg gje ros for den fantastiske jobben som vert lagt ned i alle historielaga rundt om for å finne fram til og ta vare på lokalhistoria vår. Utan dette ville me alle gå ei mykje fattigare framtid i møte, avsluttar han, rastlaus etter å kome seg av stad til heimbygda Tveit.



# Vågsbygd «kulturhistoriske senter»

**Vågsbygd samfunnshus er nå blitt senter for gamle bilder fra Vågsbygd. Totalt er mellom 300 og 400 eldre fotografier hengt opp på veggene i samfunnshuset og flere skal det bli.**

– Foreløpig ligger bilder fra Kjos og Voie på lager. Men disse skal opp på veggen etter hvert, forteller Normann Liene fra Vågsbygd, som har systemisert bildesamlingen.

Og i foajeen, ved trappeveggen og i andre etasje henger forskjellige motiver systemisert etter lokalgeografi og emner: fra Vågsbygds tradisjonsrike industri på Lumber og Fiskå til eksotisk klingende stedsnavn som Sumatra og Madeira. Og her er bilder fra Hannevika, Møvig, Augland og fra Vågsbygdruta og fra tidligere skoleklasser.

– Vi håper at denne samlingen vil finne sitt publikum både blant unge og godt voksne, fortsetter Liene og legger til:

– Utstillingen er gratis og tilgjengelig fra mandag til fredag fra klokken 0800 til 18.00. I tillegg er det åpent når det er arrangementer på huset.

Det var kristiansanderen Oddvar Hultmann som tok initiativet til samlingen på 1980-tallet og fotografmester Ivar Hamre har stått for mye av avfotograferingen og innrammingen av bildene. I tillegg har Henry O. Ugland utarbeidet bildetekster.

For de som vil se bildesamlingen, så holder Vågsbygd Samfunnshus til i Kirsten Flagstads vei 30 (ved Amfi Vågsbygd), ca. 5 km vest for Kristiansand sentrum.

Kontaktperson er Børge Urdal, Tlf: 38 01 46 13  
post@vagsbygdsamfunnshus.no  
www.vagsbygdsamfunnshus.no

Av Johnny Haugen

# Storingsrepresentanter fra Agder 1814–2014

**Hvor mange stortingsrepresentanter har kommet fra Agder i tiden 1814–2014? Hvordan har kjønnsfordelingen blant Agder-representantene vært i denne 200-årsperioden? Hva slags stortingspolitikere kan vi forvente å få i framtiden?**

Dette er noen av spørsmålene som Anna Helle Nilsen fra Kristiansand skal arbeide med de neste to årene. På oppdrag fra Agder Historielag har hun tatt på seg oppgaven med å registrere og analysere alle stortingsrepresentantene fra Agder som har sittet i nasjonalforsamlingen fra 1814 og fram til i dag. Arbeidet skal stå ferdig til 200-års markeringen av den norske grunnloven i 2014.

Opplysningene skal brukes til å lage en kort biografisk omtale av samtlige stortingsrepresentanter og en statistisk analyse av representantenes bakgrunn; Geografisk tilhørighet/hjemstavn, utdanning og yrke (både før og etter stortingsperioden), alder ved førstegangs oppmøte på Stortinget, kjønn, tidligere kommunal- og/eller fylkeskommunal erfaring, komitétilhørighet og antall år på «tinget». Andre opplysninger kan også bli relevante underveis.

Dette arbeidet skal gjøre det mulig å si noe nærmere om:

- Hvor mange stortingsrepresentanter har kommet fra Agder i tiden 1814-2014?
- Hva var deres geografiske og yrkesmessige bakgrunn?
- Hvilke Agder-kommuner har vært «over»- eller «underrepresentert» med stortingsrepresentanter iht. folketall og hva slags politiske utslag har dette eventuelt gitt?
- Hvordan har kjønnsfordelingen blant Agder-representantene vært mot landsgjennomsnittet i denne perioden og hvordan har dette endret seg gjennom årene?
- Hvem og hvor mange av stortingsrepresentantene har blitt medlem av «kongens råd»?
- Hvilke partier har vært representert på Stortinget gjennom Agder-politikerne i de ulike periodene og på hvilken måte har partitilhørigheten kommet til syne i politiske saker?



*Anna Helle Nilsen (82) fra Kristiansand skal registrere og analysere Agder stortingsrepresentanter fra 1814–2014.*

- h) Hvilke stortingsrepresentanter fra Agder har utmerket seg spesielt i disse to hundre årene?

Målet med framstillingen er å se nærmere på hvilke politikere Agder-regionen tradisjonelt har valg å sende til nasjonalforsamlingen og om man med denne bakgrunnskunnskapen kan antyde hvilke politikere man kan forvente å få i framtiden fra Agder. Spørsmålet er blitt aktualisert siden landsdelen nå står ovenfor et tidsskille, der man om få år vil kunne få et felles Agder med felles stortingsrepresentanter.

Arbeidet skal presenteres over to større artikler. Den første skal dekke perioden 1814–1914, den andre 1915 til 2014. Arbeidet vil stå ferdig ved inngangen til jubileumsåret i 2014 og vil bli presentert i Agder Historielags årsskrift.

Dersom du har opplysninger som du mener bør med i en slik framstilling, så ta gjerne kontakt med

**Agder Historielag**  
Postboks 136, 4662 Kristiansand  
eller e-post: [kontakt@agderhistorielag.no](mailto:kontakt@agderhistorielag.no)

Av Johnny Haugen

# Historisk møte på gren

Skjernøy Historielag arrangerte 15. juni 2011 et historisk møte i forbindelse med utgravninger av seilskuter i Skjernøysund. Otto Lehne ønsket velkommen til de fremmøtte, Grendehuset var fullt av interesserte tilhørere. Otto, som selv er aktiv dykker, og den som var med og først fant vrakene, fortalte litt om dykkingen i Skjernøysund og funnene av tre seilskuter.

Prosjektleder Pål Nymoen fra Norsk Sjøfartsmuseum startet med å fortelle om undervannsarkeologi i Vest-Agder. Funn av bl.a. mye flint i Frivoldbukta er noe av det eldste som er avdekket i Norge. Her er mye avslag fra steinalderen. Eldste funn i Norge er 8600 år gammelt, i Hummervik i Søgne. Det de er ute etter er å finne organisk materiale fra oversvømte boplasser fra tiden da vannstanden var opp til 7 m lavere enn nå.


Jørgen Johannessen fra Norsk Maritimt



En av dykkerne har hentet opp en vase fra 13–1400-tallet

Museum fortalte om kulturmiljøet i Skjernøysund. Det som er funnet er en Hollandsk karavell i eik (vrak 1). Her er funnet flere

Funnene i Skjernøysund.



Dykkerne på plass over vrak 3.




# dehuset på Skjernøya



ved vrak 1.

gjenstander, en vase, en skipsgryte, kritt Piper, en krukke fra 1300-tallet. Ved vrak 2 er det funnet en ballasthaug og en fot til bronsegryte.

Krukke fra funnet.



Kritt Piper funnet i Skjernøysund.

Skuta er bygget med middelalder-klink, antagelig på 1400-tallet. Den er brent.

Ved vrak 3 er det funnet en kanne i tinn fra 1400-tallet. Dette vraket ligger i Langevika.

Thijs Maarlefeld fra Syddanske Universitet i Esbjerg fortalte om dette vraket, hvor han og hans elever i tre uker i juni har jobbet med å avdekke materialene som finnes. Dette er et temmelig stort skip, over 20 m langt. Klinkbygget, men også med hengende spant. Bygd på 1400-tallet eller begynnelsen av 1500-tallet. De håper å få rede på hvor og når det er bygget. Dette er et helt spesielt funn, og TM antar at skipet muligens er fra Norden eller Baltikum. Det er antagelig ikke hollandsk.

Vraket måtte dekkes til etter at dykkerne er ferdige, da trematerialene ellers ville være eksponert for ødeleggende pælemark.

Vrak 1 og 2 ligger trygt for pælemark som de ligger nå.



Noen av gjenstandene som ble tatt opp. Tinnkannen midt på bildet.

Er du interessert i å følge med på hva som har skjedd/skjer videre, kan du gå inn på [marmuseum.no](http://marmuseum.no), og skriv Skjernøysund i søkefeltet. Lenger nede på denne siden finner du en kobling videre til de danske studentenes blogg ang. samme sak, eller du kan gå direkte inn på [maritimearcheology.dk](http://maritimearcheology.dk).

Her ligger også videoer fra utgravingen.



*Kystruteskipet DS Lindesnes ved Svinør 1922.*

Foto Gustav Vigeland

# Kystruteskipet DS «Lindesnes» siglar vidare som ver


**Langs Noregskysten var det på 1800-talet fleire kystruteskip som gjekk mellom kystbyar og mellomstader. Kystruteskipa gjorde det mogleg å utvikle relativt regelmessige samband langs kysten. Først ute var hjuldamparen DS «Constitutionen» som gjekk i rute frå Oslo til Kristiansand. I 1842 blei det òg etablert ei kystrute frå Trondheim til Kristiansand via Bergen.**

Det første kystruteskipet til Nord-Noreg var hjuldamparen DS «Prinds Gustav» som gjekk frå Trondheim med kurs nordover 5. mars 1838. Hurtigruta kom først 55 år seinare etter

ein idé frå Richard With, leiar i VDS, Vesteraalens Dampskipsselskap. Dette skulle vera ei ekspressrute mellom Trondheim og Hammarfest. Hurtigruta D/S «Vesteraalen» gjekk første turen 2. juli 1893 med Richard With ved roret. Skipet hadde ni hamnar å stogga ved og

*MS Jøsenfjord, tidlegare DS Lindesnæs, på veg mot Ryfylke*





Kystruteskipet «Kong Haakon» forliste utanfor Mandal i 1891.

Illustrasjon frå boka *Skipsforlis utanfor Vest-Agder*


# indesnæs» neverdig veteranskip

gjorde turen på 67 timar kvar vei, ei radikal forkorting av reisetida. Hurtigruta blei snart svært viktig for kommunikasjonen på kysten i Nord-Noreg med mellom anna regelmessig postgang.

Det Stavangerske Dampskipsselskap fekk i

1878 overlevert kystruteskipet DS «Kong Haakon» frå Nylands Mek. Verksted, Kristiania. Skroget var i jarn og skipet var på 174 fot. Det store kystruteskipet var bygd for å trafikker kysten frå Bergen til Kristiania med mellomstader. «Kong Haakon» frakta gods og passasjerar.

ke 20. april 2011.



På strekninga Farsund–Kristiansand trafikerte eit mindre kystruteskip, DS «Lindesnæs». Lengda på skipet var på 95,3 fot og breidda 18,2 fot. Det tilhørde Aksjeselskapet Lindesnæs Dampskipsselskap og blei levert frå Christianssand Mekaniske verksted 21. september 1886. Forutan å gå i kystruta, trafikerte den kvar veke lokalruta frå Farsund til Korshavn, Auestad og Agnefest. DS «Lindesnæs» var også eit postførande skip på lik linje med andre kystruteskip og hurtigruta. Av stoppestader på kystruta kan nemnast: Lillehavn – her blei båten borda – Spangereid, Svinør, Mørkdalen, Snig, Mandal, Ny Helle-sund og Kristiansand. Truleg hadde DS

**FORTSETTELSE NESTE SIDE**

«Lindesnæs» fleire hamnar skipet la til ved, kanskje Vårøy var ein av dei, eller Utvaare som den blei kalla på den tida.

På ruta mellom Farsund og Kristiansand måtte DS «Lindesnæs» ut i Nordsjøen på si ferd, og det seiast at den runda Lindesnes nær fem tusen gonger, og det skulle då stadfesta fråsegna om at dette var ein særst god sjøbåt.

DS «Lindesnæs» hadde som trenden då var, salongar tilpassa den enkelte sitt behov og ressursar. Her var mellom anna damesalong og røgesalong i plysj og teak, og salong for dei som reiste på 2. klasse. Men her var ikkje berre passasjerane som blei tilgodesett med eigen plass. På DS «Lindesnæs» var det eigen «salong» med plass til inntil tolv kreatur, og mange dyr blei nok sendte med «Lindesnæs», for den fekk snart tilnamnet «kreaturbåten».

Om morgonen den 18. november var kyst- ruteskipet DS «Kong Haakon» på veg vestover frå Mandal med mykje last og 80 passasjerar. Det var tett tåke og etter halvannen time etter at det forlét Mandal gjekk skipet på grunn på

Gjeslingene, ei gruppe av skjer som ligg rett sør for Vårøy. Desse skjera ligg nær skipsleia mellom Mandal og Lindesnes.

Etter grunnstøytinga oppstod det panikk om bord, og det tok tid før livbåtane blei sette på sjøen og passasjerane blei frakta i puljar i inn til Vårøy. På denne vesle øya budde det på den tida fleire familiar fordelt på fem gardar og 7–8 husvêre. I tillegg til gardsdrift var fiske og losing ein viktig del av eksistensgrunnlaget. Dei var sjøvande og hadde nok opplevd litt av kvart, men å få dei 80 skipbrotne passasjerane frå «Kong Haakon», var nok i meste laget. Det var vinter, rått og kaldt og truleg var fleire av passasjerane våte etter turen frå havaristen i livbåtar ein kan tenkja seg var meir eller mindre tette. Det skal mykje plass til å husa åtti uventa gjester, og stovehusa her var truleg ikkje store. Det var nok berre dei færreste som fekk tak over hovudet.

Det blei lenge å venta, heile sju kalde timar før DS «Lindesnæs», kyst- ruteskipet som trafikkerte dette farvatnet kvar veke, kom og

*MS «Jøsenfjord» etter ombygginga i 1932 og ny oljedriven motor i 1934.*





henta dei. Medan alle passasjerane blei frakta bort på det vesle kystruteskipet til fastlandet, gjekk havaristen DS «Kong Haakon» ned, skipet glei av skjeret og sank. I mellomtida var store delar av godset blitt lossa over på DS «Kong Sverre».

Heile 120 år er gått sidan denne hendinga. Folket på Vårøy er borte, her er berre sommargjester tilbake. Og av alle dei flotte skipa som trafikkerte langs kysten vår frå den tida, er berre eitt tilbake, DS «Lindesnæs», nå MS «Jøsenfjord».

DS «Lindesnæs» blei etter 43 års teneste på Sørlandet seld til Stavanger for å trafikker i Ryfylkefjordane som lokalrutebåt for gods, livdyr og passasjerar. Året er 1930 og den trufaste slitaren gjekk i rutetrafikk i Ryfylke i bortimot femti år. I denne perioden gjennomgjekk båten fleire forandringar på overbygget og blei forlenga med 15 fot i 1932. I 1962 fekk skipet bildekk med plass til 8 personbilar, men

breidda på skroget er den same og store delar av båten kan daterast tilbake til perioden då det sigla på Sørlandet. Etter til saman 93 år lang teneste utan nemneverdige uhell, blei MS «Jøsenfjord» tatt ut av ordinær rutetrafikk i desember 1978 og seld til utlandet i september 1980.

Då DS «Lindesnæs» blei seld til Rogaland hadde den framleis dampmotor, denne blei skifta ut i 1934 med ein 4-sylinder Wichmann 390 HK. Denne 77 år gamle «Rubben» står framleis i, og det var den som gjekk MS «Jøsenfjord» tilbake til Ryfylke frå Nederland 20. april 2011. Dette 125-år gamle skipet har nå fått status som verneverdig skip.

MS «Jøsenfjord», tidlegare DS «Lindesnæs», er eit kystkulturminne det er vel verdt å ta vara på.

Les meir på [www.josenfjord.no](http://www.josenfjord.no)

Av Signy Eike-Kongsvik

# Bøker frå Agder Historielag

## Årsskrift

Nr. 1–65 .....UTSELD!

Frå nr. 66 til og med nest siste årsskrift .....kr. 50,-

Siste årsskrift .....kr. 190,-

Agder-bibliografien I og III .....kr. 50,-

Bytingsprotokoll for Kr.sand 1670 .....kr. 50,-

Tingbok for Vestre Råbyggelag 1686 .....kr. 50,-

Tingbok nr. 1 for Lista (1657–1660) .....kr. 50,-

Odelsmanntalet 1624 for Agder .....kr. 50,-

Tingbok nr. 1 og 2 for Mandal Sorenskriveri

(1677, 1684) .....kr. 50,-

## Stortingsmann Ole Fuglestedt

Uinnbunden .....kr. 30,-

Innbunden .....kr. 50,-

## Jon Løyland

Soger og segner. viser og vers .....kr. 175,-

**Agders Historie 800-1350**

**Agders Historie 1840-1920**

**Agders Historie 1641-1723**

Kr. 350,- pr. stykk

eller alle tre for kr. 1000,-. Fraktfritt.

## Anetavleskjemaer

Medlemer får 20 stk. gratis.

Ordinær pris pr. stk. .... kr. 1,-

Medlemer får 25% rabatt ved kjøp for kr. 400,- eller meir.

Rabatten gjeld ikkje ved kjøp av

Agders Historie.

*Porto kjem i tillegg.*

## Tinging til

Agder Historielag,

Postboks 136,


4662 Kristiansand

eller

tlf. 97 06 44 85

eller e-post:

[kontakt@agderhistorielag.no](mailto:kontakt@agderhistorielag.no)





Eit av dei få bileta av skogs- og vegarbeidar Salve Birkås (1881–1941). Bilete er truleg teken i byrjinga av 1900-talet.

Foto utlånt av Alf Georg Kjetså, Hornnes.

**Trekunstnaren Salve Birkås (1881–1941) frå Hornnes skar ut vel tusen trefigurar og treskulpturar i ein periode på godt og vel 40 år. Men sjølv om mange av kunstverka hans i dag er spreidd over det ganske land, er han likevel ukjent for folk flest.**

Då lokalhistorikarane Torgrim Dåsnes og Alf Georg Kjetså i Evje og Hornnes Sogelag gav ut eit hefte om treskjeraren Salve Birkås i 2007, var heftet på mange vis eit pionéararbeid. Tidlegare var det knapt andre enn dei med lokal-kunnskap som kjende til denne treskjeraren frå dei indre bygder. Men framleis er det mange som eig eit «Birkås-arbeid» utan å kjenne til mannen bak arbeida. Så kven var han, denne trekunstnaren frå Hornnes?

# Trekunstna

## Oppvekst på Birkaasen i Hornnes

Salve A. Birkås var fødd i 1881 på plassen Birkaasen i tidlegare Hornnes kommune. Der vaks han opp som nr. 7 i ein syskenflokk på 11. Han var skogsarbeidar av yrke, men tok tidleg til med treskjerjing ved sida av. Ein periode dreiv han med vegarbeid og gruvearbeid i nabokommunen Evje, men etter kvart tok salet av trefigurane av og han kunne leve meir eller mindre av treskjerjinga aleine.

Etter nokre år gjekk bustaden til Birkås tapt i butikkgjeld og han måtte flytte inn hjå systera Åslaug og mannen hennar på Kjetsåmonen i Hornnes. Der fekk han sitt eige arbeidsrom på loftet. På arbeidsromet sat han ofte og skar ut trefigurar frå tidleg om morgonen til seint på kvelden.

## Birkås vert intervjuva av Agder Tidend

I 1933 vann Birkås ein premie på fylkesutstillinga i Arendal for arbeida sine. I same belet fekk han 1. prisen hjå Vest-Agder Ungdomslag under deira Arbeidssjå (dvs. handverk- og husflidutstilling på årsstemna til ungdomslaget). I samband med dette vart han intervjuva av avisa Agder Tidend sommaren 1934. I intervjuet fortel Birkås at han starta med utskjerjing av trefigurar da han var om lag 10 år gamal. I mange år nytta han all fritid og seine kveldar til å skjere ut trefigurar, men frå 1925–26 tok han til med treskjerjinga på fulltid. Då rekna han med 2–3 dagars arbeid på kvar trefigur og noko meir på komplekse skulpturar. For dei enklaste arbeida (for eksempel ei ku eller ein elg) fekk han om lag 8 kroner. Dersom ein i ettertid reknar med at Birkås klarte å skjere ut 50–80 trefigurar og -skulpturar kvart år i dei mest aktive åra 1925–35 og i tillegg tek med alle arbeida før og etter dette, så kan han ha kome opp i 1000 trefigurar og skulpturar til saman. Men dette veit me ikkje sikkert.

## Liv og lagnad

Sjølv om Birkås var ein kunstnar som hegna mykje om arbeidet sitt, så rann det mørke

# ren frå Hornnes



*Salve Birkås vaks opp på husmannsplassen Birkaasen i Hornnes. I tillegg budde han hjå systera si på Kjetsåmonen i fleire år. Der sat han på loftet frå morgon til kveld og skar ut trefigurar. (Innringa)*

**Foto utlånt av Alf Georg Kjetså, Hornnes.**

understraumar i livet hans. Ein av brørne tok seg sjølv av dage i vaksen alder, ein annan enda på Eg asyl i Kristiansand. Salve sleit sjølv mykje med dette i vaksen alder og på sine eldre dagar var han ikkje lenger i stand til å ta vare på seg sjølv (han vart aldri gift). Då mannen til systera døydde på 1930-talet, var heller ikkje ho i stand til å ta seg av Salve i huset på Kjetsåmonen. Etter ei tid sette Forsorgsstyret Salve Birkås bort som arbeidshjelp på garden Fjellestad i Øvrebø. Der døydde han 28. oktober 1941. Han vart gravlagd ved Øvrebø kyrkje vel 60 år gamal.

## Kunstverka

I dag er nok Birkås mest kjend for sine detaljrike og livaktige dyr – og personfigurar. Trearbeida skar han ut av ferske furustubar som

han fann i skogen der det nyst var hogge og som han tok med seg heim og turka på loftet. Sjølvve utskjeringane vart utført med spesialverktøy, smidd frå ljåbrot. Nesten alle figurane og skulpturane måla kunstnaren med ei blanding av husmåling og linolje. Til horn og hale på husdyr og skogsdyr bruka han einerkvist med den bøygen han ville ha og fiber frå tauverk. Det siste var nok eit svakt punkt, og i dag har nokre av dei eldste trefigurane mista hale eller horn.

I fylgje lokale kjelder var Birkås sjølvlærd, men kan ha henta inspirasjon frå sambyggingen Lars Nilsson Breistøl (1848–1923) som var oppfinnar og multikunstnar. I dei siste leveåra vart Birkås djupt religiøs og skar ut ein

**FRAMHALD NESTE SIDE**



Eit tablå av Kristus og apostlane kring nattverdsbordet. Ei utgåve av dette kunstverket finn me i dag i Evje og Hornnes Sparebank, men det skal finnast fleire eksemplar av tablået spreidd omkring i Noreg.

Foto utlånt av Alf Georg Kjetså, Hornnes

tablå av Kristus og apostlane kring nattverdsbordet inspirert av Da Vinci sitt måleri «Nattverden» i Milano. Ei utgåve av dette kunstverket finn me i dag i Evje og Hornnes Sparebank. Likevel er det nok dei naturtru trefigurane av vanlege husdyr og skogsdyr som ein finn flest eksemplar av i norske hus og heimar.

### Kvifor er han så lite kjend?

Kvifor er ikkje Birkås meir kjend i Noreg? Noko eintydig svar på eit slikt spørsmål finn me ikkje. Kanskje er det slik at mykje av den skog- og bondekulturen som Birkås etterlikna i

trefigurane sine, ikkje hadde tilstrekkeleg status hjå den kulturinteresserte eliten på denne tida, som både hadde tid og pengar til å kjøpe verka og spreie dei i dei rette miljøa. Om mogleg var det óg ei ulempe at Birkås sjølv kom frå eit arbeidsmiljø og frå ein husmannsplass, i eit tid der «høgkulturen» gjerne var dominert av ein intellektuell elite av forfattarar og kunstmålarar utan trælur på hendene. Men det stod ikkje på den kunstnariske kvaliteten. Me veit at Birkås sendte fleire kasser med til saman fleire hundre trefigurar til kunstselgarar i både Oslo, Stavanger og Flekkefjord på 1920 og 30-talet. Spørsmålet er vel heller om den smålatne og særmerkte kunstnaren frå Hornnes hadde vore i stand til å reise vekk og synt fram kunstverka sine på utstillingar? Kanskje er stoda slik dei skreiv det i Agder Tidend i 1934: «Men det er vel med Salve Birkaasen som det hev vore med so mange av vaare største meistarar. Fyrst når dei er lagd til den siste kvila, vil mannaetti faa retteleg auge på det dei hev gjort.»

Av Johnny Haugen



# Hugsar Birkås

Ein av dei som framleis hugsar Birkås, er Gerd Rustenberg (f.1918) frå Grimstad. Ho fortel at ho jobba som telemontørlærling i midten av 1930-talet og vitja telesentralen på Hornnes nokre gonger i åra 1934–35.

– På denne tida så var eg og bror min telemontørlærlingar og reiste mykje rundt i Agder- og Telemarkdistriktet. Reparasjons- og installasjonsarbeidet fann helst stad om kvelden eller om natta da det var liten trafikk på telenettet. Det gjorde at me fekk nokre ledige stunder på dagtid.

– Me fekk høyre om denne særmerkte kunstnaren og ein dag reiste eg og bror min bort til Kjetsåmonen. Der kom me i snakk med folka som budde i fyrste etasje (systera til Birkås). Ho viste oss opp til broren på loftet. Der sat

han og skar ut trefigurar, medan treflisene hamna i vedommen.

Me var der fleire gonger og kjøpte til saman fem trefigurar: to kyr, to hundar og ein fugl som satt på ei grein. Sistnemnde gav pappa bort til Alfred Hojem som dreiv ein handels-skule i Arendal før krigen. Pappa bestilte seinare ein Napolionsfigur, ein brunrev og ein sylvrev av Birkås. Men desse fekk me aldri. Dei enda i staden opp hos dr. Kile på Evje. Kanskje nokre familiemedlemmar har teke vare på desse?, undrar Gerd Rustenberg.

Framleis finn me inga større samling av kunstverka til Birkås i Noreg. Spørsmålet er om det ikkje er på tide å gjere noko meir for å avfotografere og registrere arbeida for ettertida og til dømes lage til ei utstilling om Birkås i Agder-fylka?

Av Johnny Haugen

*Sjolv om Birkås truleg skar ut tusen trefigurar, finn ein ennå ikkje noko større samling av kunstverka hans. Den nå 94-år gamle Gerd Rustenberg frå Fevik ynskjer å gje bort ei Birkås-ku til den eller dei som kan lage ei utstilling om Birkås her på Agder.*

Foto: Johnny Haugen, Agder Historiela





*Olav Arne Kleveland.*

**Foto Johannes Hamre**

# Fantastisk



*Heddal stavkyrkje, den største av stavkyrkjene våre, er eit*

**Agder Historielag med Olav Arne Kleveland i spissen skipa hausten 2011 til ny tur med stor fagleg sogekunnskap og triveleg samvær for auget – både delar til fulle oppfylt.**

## **Første dag:**

Folket møtte på Evjemoen torsdag 1. september, der Risdal touring lasta inn 35 personar i bussen. Det var påfallande mange frå Otradalføret, men om det kjem av historieinteresse eller geografi skal vera usagt. Kristian Sundtoft orienterte om Åmli, både med faktiske opplysningar om bygda og om oppveksten sin der. Dessutan snakka Olav Arne om den siste halshogginga i Nissedal, vi stoppa og såg på haugen der det hende, like ved Nissedal kyrkje.

Neste stopp var ved Heddal stavkyrkje, som vart sett over både utvendig og innvendig. Den største av stavkyrkjene våre er eit imponerande bygg. På Notodden var det omvising på Industrimuséet, og vi vart fortald om korleis flammeskiva til professor Birkeland, som vi såg på muséet, vart utvikla av Sam Eyde til

# tur i Austerveg



imponerende bygg.

Foto Johannes Hamre



Guide ved Kongsberg sylvgruver Trond Aasland.

Foto xxxxxxxxxxxxxxxxx

framstilling av nitrat ut frå nitrogenet i lufta. Og eventyret om Norsk Hydro, frå starten på Notodden, over Rjukan til Herøya, og vidare ut i verda. På Kongsberg venta middag og senger på oss.

**FRAMHALD NESTE SIDE**

Turdeltakarane.

Foto Johannes Hamre





Blaafarveværket.

Foto Johannes Hamre

## Andre dag:

Reisa med tog inn i Kongsberg-gruvene var «ei rystande oppleving» i direkte tyding. Vi fekk høyre om det harde livet til berggesellane frå den tida det var eldsetting og hakking av berget. Så sprenging med krut og seinare moderne sprengstoff. Drifta av gruvene her hadde stor verknad på økonomien til «tvingriika». Kongsberg var tenkt som den største byen i Norge, og kyrkja vart bygd i stil etter det. Utvendig er ho ikkje så spesiell, men inne slår barokken mot oss med full kraft. På ettermiddagen var det byvandring, og


omvising på Bergverkmuseet, før ferda gjekk vidare til Vikersund ved Tyrifjorden, der Tyrifjord Hotell tok i mot oss.

## Tredje dag

Dagen byrja med omvising på Blåfargeverket. Vi fekk ei glimrande historie om verket, og korleis bygningane nærast ved eit tilfelle vart berga og restaurerte. Og historia om den kasserte berggesellen frå Kongsberg som fann noko han trudde var sølv, men så var det noko meir verdfullt; kobolt. Rjomegraut til lønsj smaka oss godt. Etterpå var det vandring på «Gamle kirkevei», men griseklaffen min tolde

Myntmuséet i Kongsberg.

Foto Johannes Hamre







*Bedriftshistorisk samling (industrimuséet) på Notodden.*

Foto Johannes Hamre

ikkje tempoet, så det er lite eg kan rapportere derifrå.

## Fjerde dag

Omvising og demonstrasjon på Hadeland Glassverk sto først på programmet. Det var imponerende å sjå korleis glas vart forma. Mange av deltakarane nytta høvet til å gjera ein god handel. Mange gonger før har eg sett Systerkyrkjene på Gran mot himmelen, men aldri vore nær dei. Kyrkjene er svært ulike. Den eine er som dei vanlege mellomalderkyrkjene av stein, den andre er ein treskipa basilika av hoggen stein. Og heimturen om Oslo, med mat i Larvik gjekk heilt knirkefritt. Eg vart forundra over omvisarane på turen. Dei hadde gode kunnskarar og kunne svara på spørsmål utanom lekser. Det har kome seg gjennom åra. Og så vil eg gi all ære til Olav Arne Kleveland i Agder Historielag som har lagt opp turen, og sjåføren vår, Thor Ole Gautestad, som førte oss feilfritt fram.

Av Oddmund Mogstad



# Eg e så forveden – ord fra Nes herred i 1950-

**Jeg vokste opp i 1950-åra i det vi kan kalle et «to-språklig miljø»: med foreldre fra gamle Nes herred ved Flekkefjord, og med bosted og oppvekst i Kragerø. For meg var dette en helt naturlig kombinasjon. Likevel vil vel omgivelsene si det var to vidt forskjellige kulturer, spesielt språklig sett. Jeg og mine søsken var vant til både det østnorske kragerømaålet, og den sørvestnorske dialekten fra landsbygda utenfor en liten sørlandsby.**

Imidlertid fikk vi tidlig erfare at noen av de voksne fra Nes hadde vansker med å forstå vårt østnorske bymål, og i voksen alder har jeg møtt selv voksne som ber meg «oversette» ord og vendinger fra vestfylket i Vest-Agder. Ord jeg den gang trodde bare ble brukt i Nes, har jeg likevel gjenkjent andre steder, særlig i Agder, (jfr. også masteroppgaven i nordisk språk, Omland, 2003). Forfatteren beskriver endringer i Lista-målet. Likheten mellom de to dialektene er stor. Det samme gjelder en del ord og vendinger brukt i andre landdistrikter her sør, bl.a. i Søgne, hvor jeg nå bor. Særlig gjenkjenner jeg disse, ikke uventa, hos eldre mennesker. Jeg gjenkjenner også noen av de gamle uttrykkene mine foreldre brukte, hos Gabriel Scott (Jernbyrden 1 & 2, 1915/2007). Mest markert er det i gjengivelsen av dialekten til hovedpersonen Jan Vibe. I merknader til boka skrev Scott: «At han var vestenfra, kunne en høre paa maalet. Jans dialekt, som den gjengives i boken, er fra heien mellom Hægebostad i Lyngdal og Konsmo i Nordre Undal». I dialekt som fortsatt brukes, finner jeg også en del likhetstrekk mellom eldre Nesmål

og Sognamaulet. Det er også mange felles ord gjengitt i heftet Gamle ord og uttrykk fra bygder i Vest-Agder (2003). Eksempler på gammel Nesdialekt finnes ikke minst i «Grannen» (Seland, diverse årganger).

Som andre steder, blir jo også dialekten fra Nes endret, men det er en annen historie som ikke berøres i denne artikkelen. Et interessant spørsmål er: finnes det noen spesifikke ord og vendinger i den gamle Nesdialekten, dvs. ord som ikke brukes andre steder? Det er også en problemstilling jeg lar ligge. Kanskje noen av leserne av dette bladet har kunnskap eller mening om dette?

I det følgende vil jeg gi noen eksempler på ord og vendinger som mine slektninger ofte brukte i 1950-åra (i alfabetisk rekkefølge). Orda er skrevet slik de ble uttalt og er blant de som opplevdes som mest fremmedarta, sett fra vår østnorske dialekt. I parentes står den betydningen av orda vi lærte, ut fra konteksten og den daglige bruken av orda:

Batnet (barnet)  
Bojet (buskapan, husdyra, kyrne)  
Byretog (tau rundt høybøra en bar på ryggen inn i låven)  
Bytta (bøtta)  
Daure (måltid, ca. kl. 10 på formiddagen)  
Ekkoslagje (et eller annet, noe)  
Floga (flue)  
Floren (fjøsset, den delen av låven som hadde støpt golv; jfr. eng.: floor=golv)  
Forstøkt (forundra)  
Forveden (forviten, nysgjerrig)  
Gatnan ((fiske)-garna)  
Gjillre (snare, felle)  
Hajen (hagen, sted der buskapan beita)  
Hebd (dyregjødsel)  
Hepte (et jordstykke på grenseområde mellom to eiendommer)  
I hærråda («helt bortreist»; i ørska)  
Inkjevetta (bitte lite, ubetydelig)  
Jednstaur (jernstaur, spett)  
Jå(r)pla (poteter, eg.: jordepler)  
Kjossen i håvet (uklar i hodet)

# og uttrykk åra

Knegjen (gjerrig)  
Langorv (ljà med langt skaft)  
Lann (urin fra kyrne, våt gjødsel)  
Lepsa (ei lefse)  
Libban (kallenavn på sauer)  
Långa (fiskeslaget Lange)  
Låptet (loftet)  
Miga (å tisse)  
Migaren (tynn vannstråle/bekk som renner nedover ei fjellside)  
Mitting (en haug med husdyrgjødsel)  
Molja (molo)  
Målka (å melke)  
Nabn (navn)  
Nouden/Nauden (dum)  
Rabn (ravn)  
Rennefogg (rennefokk, sterk snøføyke)  
Ryma (å rømme)  
Sjeba seg (å stelle seg)  
Skiptestein (skiftestein, grensemarkør mellom to gardsbruk)  
Skårfesta (hulle eller et skår i fjellet, der husdyr sitter fast og kommer verken opp eller ned)  
Stutturv (ljà med kort skaft)  
Sønnleg (stakkarlig)  
Totlen (hjelpeløs, klønete)  
Tåga (yttertaket på hus)  
Ukjura (uordentlig person)  
Øvegeven (være overgitt/oppgitt over noe)  
Ållan (bølgen)

Ca. halvparten av orda er henta fra landbruk og fiske. At så stor andel av orda kommer herfra, skyldes selvsagt at vi bodde på slektsgardene i sommerferiene, og at en betydelig større andel av næringslivet på den tida var primærnæringer.

Verb har a-endinger i infinitiv. Noen ord er fortsatt «rare» og vanskelig å forklare logisk. De fleste er imidlertid varianter av nynorske ord. Noen er lett forståelige om en ser mønstre av vokalendringer: for eksempel at ø blir til y (bør blir byr); g blir til j/gj, (hagen blir hajen); a blir å (lange blir långa); f blir til p (loftet blir låptet). Det finnes også noen konsonantendringer, for eksempel v blir til b (ravn blir

ravn). Noen enkeltvokaler blir diftonger (øst blir aust), osv. Så er kanskje ikke barndommens opplevde uforståelige ord så uforståelig likevel.

## Referanser:

**Omland, Hege K.** (2009) Han æ'kje veldig fin syns æ, men han duge jo». En studie av variasjon og endring. Masteroppgave i nordisk språk og litteratur, UiA. Kristiansand  
**Scott, Gabriel** (1915/2007) Jernbyrden 1 & 2. Gabriel Scott Selskabet. Lillesand  
**Seland, Hans** (diverse årganger...) Grannen. Agder Flekkefjord Tidende. Flekkefjord  
**Vest-Agder Bygdekvinneleg** (2003) Gamle ord og uttrykk fra bygder i Vest-Agder. Kristiansand

Av Terje Bjelland

## Ope kontor kl. 13–16 den andre tysdagen i månaden

Agder Historielag har ope kontor på Bentsens hus den andre tysdagen i kvar måned. Då kan lokallag og medlemmer stikke innom og kjøpe ymse hefte og bøker - og gjerne òg levere eitt eksemplar av kvar utgjevnad som lokallaget har laga oppigjennom åra. Meininga er å kunne få ei lita lokalhistorisk samling av alle utgjevnadene til alle lokallaga i heile Agder. Ta gjerne kontakt på tlf. 38 02 61 05 om du har spørsmål. Hjarteleg velkomen!



# Fotografi som his

**Ny spalte!**

**Det blir ofte sagt at et godt bilde kan si mer en tusen ord. Likevel har bilder og fotografier lenge vært en undervurdert kilde til kunnskap om fortiden. Årsaken er selvfølgelig at fotografier i en historisk sammenheng er et forholdsvis nytt fenomen.**


De eldste bildene fra eksempelvis Agderfylkene er i beste fall et par hundre år gamle. I tillegg er det først de siste tiårene at vanlige forbrukere virkelig har kunnet utnytte dette mediet. På mange vis er vi den første generasjon som fullt ut kan nyttegjøre moderne lagringsmedier der det er plass til å samle tusenvis av nyere og eldre fotos. Alt takket være «den digitale revolusjonen». Dette vil vi markere med å introdusere en ny fotospalte i EGDE.

Poenget med denne spalten er at leserne kan sende inn bilder som de mener er spesielt unike eller har en spesiell historie bak seg, og som de ønsker å dele med leserne av EGDE. Det kan eksempelvis være fotografier som er spesielt gamle, fotos som markerer et historisk tids-

skille eller en spesiell sosial kontekst (klesdrakt, inventar, husbygging, biler, jordbruk, elektrifisering, teknologi etc.), eller som kanskje inneholder kjente personer eller dramatiske hendelser fra landsdelen.

Siden denne spalten introduseres fra og med dette nummeret, så må redaksjonen selv bringe fram det første historiske bildet. De to bildene nedenfor viser noe så sjeldent som «Englandsfarere» under andre verdenskrig som er i ferd med å legge ifra land på Skjernøya utenfor Mandal. Bildene er sjeldne fordi «Englandsfart» i høyeste grad var forbudt under okkupasjonen og bildene i seg selv var meget kompromitterende om de kom i gale hender.

Om bord i robåten på bildet til venstre er Andreas Fasting fra Øyslebø (stående i midten), Kjell Klev fra Mandal og Jakob Abrahamsen fra Mandal. Trolig er det mandalitten Finn W. Tønnessen som står på land (på bildet til venstre). Om bord i den gamle 27 fots skøyta (i bakgrunnen) er allerede styrmann Olav Asbjørnsen fra Øyslebø, Sander Larsen Lindland fra Holum og Jan Åge Karlsen fra Kristiansand. Etter tidligere Amerika-opphold på flere av «rømlingene» døpes skuta til «Sons of Norway» før avreise. Lørdag 24. august 1940 setter de kursen mot Skottland. Men turen går ikke helt etter planen. Den syntetiske dieseloljen som de har «orget» av tyskerne, gjør at motoren svikter utenfor Lindesnes og de må gå i land ved Spangereid. Jakob Abrahamsen reiser til Mandal for å få reservedeler, men det er lettere sagt enn gjort. Etter tre dager må han bare gi opp og returnerer til Spangereid. Om bord bestemmer de seg for å fortsette og setter seil. Og de er heldige. Været er godt og farten blir høy. Mot slutten av overfarten begynner imidlertid



*Bildene er fra flukten fra Skjernøy til Skottland i 1940.*

# torisk kilde

den gamle skøyta å lekke. De siste døgnene blir det kontinuerlig lensing og soving på skift.

Etter 8 døgn når de omsider kysten av Skottland. Der blir de oppbrakt av en korvett fra Royal Marine og brakt inn til havna i Stonehaven. Skøyta blir beslaglagt og mannskapene internert, slik sjøfarende flyktninger alltid ble. Men etter omfattende avhør, ble de tilbudt jobb i ulike disipliner: Fasting ble med i Kompani-Linge, men forulykket i 1943 og Sander Lindland døde på Hospital i London i 1941. De øvrige mannskaper overlever krigen og tjenestegjør i ulike militære avdelinger helt fram til freden i 1945.

Det hører med til historien at hele 20 båter med til sammen over 100 flyktninger forlot Sørlandskysten i årene 1940–41. De forsøkte alle å krysse Nordsjøen i retning Storbritannia med vekslende hell. Historien om disse englandsfarerne kommer i det neste årsskriftet til Agder Historielag. Dersom du har informasjon om bildene nedenfor eller om «Englandsfarten» generelt, så ta gjerne kontakt med

**Agder Historielag,**  
**Postboks 136**  
**4662 Kristiansand**  
**kontakt@agderhistorielag.no**

Av Johnny Haugen



## Vil kjøpe boka

«Fra dekksgutt til kaptein»  
av Aage Wilhelmsen.  
Kontakt Svein Ø. Berge  
på tlf. 48 10 71 35  
viss du har ei bok å selje.

## Etterlysing!

Me har fått e-post frå ein som gjerne vil kjøpe eit trebands historieverk på om lag 2–3 cm tjuknad i A5-format, trykt med latinske bokstavar. Historieverket hadde fokus på Agder; det stod ein god del om livet i dei indre bygder og kyrkjestridenten på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, mellom anna stod det at Torkild Hammersmark var ein av forgjengarane til Samfundet menighet og reiste rundt og heldt oppbyggjelege møte i dei indre bygder, noko ingen i dagens menigheit kjenner til. Då folk i Samfundet arbeidde med fyrste band av Samfundets historie som vart gjeven ut i 1990, fortalde mor til Rune Torkildsen om at ho hadde lese dette historieverket i biblioteket på revmatismesjukehuset i 1984. Samfundet kunne ikkje finne dette, så kan hende det kan ha vore gjeve ut i privat regi. Antakeleg er dei gjevne ut før 2. verdskrig, men mora kunne ikkje hugs kva historieverket heitte eller kven som hadde skrive det.

Kontakt Rune Torkildsen på  
**runetork@gmail.com**  
om du kan hjelpe med  
opplysningar.

# Birkenes Historielag

Årsskrift 29 – 2010

**Innhaldet i årsskriftet for 2010 ber preg av at det er 70 år sidan krigsutbrotet og 65 år sidan freden kom. Fleire artiklar tek føre seg ulike aspekt ved krigen, frå fangenskap i Noreg og Tyskland og til dagleglivet i heimbygda. Barnevandringar er også omtala, i tillegg til ulike andre emne.**

Den mest omfangsrike artikkelen handlar om Aslak Bjorvatn (1899–1993) sine minne frå krigstida. Han arbeidde då som lærar ved Sørlandets Kristelige Ungdomsskole på Birke-land. Minna hans handlar mellom anna om

tilhøva på skolen. Tyskarane kom, truleg hausten 1941, og kravde å få halda eit hirdkurs. Det blei dei nekta, men dei skulle få koka mat i det gamle kjøkenet i kjellaren. Både lærarar og elevar saboterte det beste dei kunne.

Bjorvatn fortel om ei «alvorleg hending» som sjefen for hirdgutane måtte ta opp med skoleleiinga: «På ei dør – på do! er det skrive stygge ord. Det står: Sett Haakon på plass, og Quisling – på hovud – i dass! Som de skjønner er dette svært alvorlig. Men dersom vedkommande som har gjort dette vil melde seg, så skal det ordnast på mildaste måte. I motsett fall vil det få svært alvorlege følger!»

Etter kvart hardna det meir til, og Bjorvatn blei arrestert i februar 1943. Han blei fyrst sendt i fangenskap på Grini, men seinare bar det til Tyskland. Der sat han i fengsel i nærleiken av Hamburg, før han kom til konsentrasjonsleiren Sachsenhausen ikkje langt frå Berlin: «Verst var det om nettene. Flyalarm, flydur, luftvernkanonar, hyl av granatsplintar, bombeeksplosjonar, brennande fly... Det sleit på nervane. Det skapte uro og otte.» Men Bjorvatn og fleire andre blei redda av dei kvite bussane frå Raudekrossen: «Det var 20. april 1945, på Hitlers 56. årssdag. Men ingen sende han kjærlege tankar av den grunn.»

Andre minne frå krigsutbrotet er tekne med, til dømes kva «Birkelands Meldingsblad» hadde å fortelja torsdag 11. april 1940. Alf Flaa har fortalt om ulike hendingar, og har levert bilete og annan dokumentasjon frå krigstida. Kopiar av dokument og ein del annonsar er tekne med. Desse viser korleis rasjoneringa verka, og korleis styresmaktene regulerte dagleglivet for folk flest.

Inger Birkeland Slågedal har teke eit intervju med Olav Mosfjell. Intervjuet er skriven mest mogleg på dialekt, og det gjer det særseleverdige. Mosfjell var 16 år då krigen byrja, og ein sommar var han med på kolbrenning i Hellerslia. Han fortel i tillegg om dagleglivet for ein ungdom; korleis han reiv ned plakatar for NS (Nasjonal Samling) etter kvart som dei

ISSN 0800-3033

## Birkenes Historielag

Årsskrift 29  
2010



blei hengde opp. Dans blei det «ulovleg» høve til: «Det va'kje lov å samle seg under krigen, men me dansa fleire gonger på pissemaurvollen (med Uldal fabrikker). Ein kveld kom ein av nazistane med sykkel og ringte med bjølla for å varsku. Me rømte ut i skauen, men begynte å danse igjen med det same han var reist.»

Barnevandringane er eit anna emne som årsskriftet har med, og mange har vel sett filmen om Yohan. Likevel var det vel ikkje alle som opplevde gjætinga like spanande som han. Kolbjørn Stuestøl har ein grundig artikkel som jamvel knyter band attende til utferdsbølga på 700-talet då egdene vandra til Orknøyane og Shetlandsøyane. Men naturleg nok er det gjætinga i tida frå 1830 til 1910 som er hovudemne; gjætarar gjekk frå dei indre bygdene i Vest-Agder til «Austlandet» – alt som låg aust for Kristiansand. Hjuringane måtte passa godt på buskapan slik at ikkje dyra kom bort. «Problemet med verar som drog ut på eige hand frå resten av buskapan kunne forresten løysast ved å dyppe veren under i eit myrhol eller vasspytt. Ulla blei då så tung at veren miste all lyst til brysame utflukter.»

Kristen Rosåsen fortel om Inger Ørteland (fødd 1865) som gjekk på barnevandring frå Nøklund i Eiken til Ørteland – 16 år gamal. Ho kom til Herefoss saman med bror sin, Ola. Dei



Sørlandets Kristelige Ungdomsskole under krigen.

Bilete frå boka

kom til Ørteland, og i 1890 gifta Inger seg med Osuld Eivindson frå den garden. Ho blei 98 år gamal. Årsskriftet har dessutan med ei historie om barnevandrarar frå Lindesnes kommune, mellom anna Elias Olsen. Han kom først til Tveit sokn og flytta deretter til Odderdalen i Birkenes. Denne saga er henta frå «Glimt frå Lindesnes» og blei i si tid skriva av Magnus Skaar.

Hagbart Magnus (1868-1941) studerte ved Universitetet i Oslo og gjorde våren 1898 oppteikningar frå ei reise han hadde frå Lillesand gjennom Vestre Moland og Birkenes. Også nyare stoff er teke med, og årsskriftet gir derfor interessante innsyn i historia både før og no.

Av Ådne Fardal Klev



## Kontakt oss når det gjeld trykking av bøker, tidsskrift, brosjyrar m.m.

- Tekstredaksjon ● Layout
- Biletebehandling



grafisk  
partner

Tlf. 38 02 19 12 - 90 17 66 81  
Henrik Wergelands gt. 50B - Pb. 384, 4664 Kristiansand  
E-brev: post@partner.no

# Audnedal Historielag

Årsskrift 30 - 2011

**Årboka har et variert innhold med både historiske tilbakeblikk, innblikk i misjonærarbeidet på Taiwan, Konsmo Kommunelokale og virksomheten der, hvordan realskolen i Ågedal blei startet, samt andre småhistorier. Alle artiklene er illustrert med foto og det er sikkert mange som vil ha moro av å se seg selv eller slektninger på bilder, særlig fra realskolen.**



Historielagslederen, Ann-Margret Haaland, oppfordrer alle i Audnedal til å komme med historier, bilder og fortellinger. Mange historier blir til ved at noen vet litt, andre litt mer, - og så blir det til slutt ei historie verd å skrive ned og som kanskje er interessant for andre å lese. Årboka tar for seg bl.a. krigsminnesmerket på Grindheim kyrkjegard over to Grindøler som gav livet sitt for fedrelandet under 2. verdenskrig. Denne artikkelen er ført i pennen av Elisabeth Haaland.

Godt med spalteplass er gitt Bjarne Gislefoss som forteller om sitt, og kona Arnhilds liv, som leger og misjonærer i Taiwan. Hele 54 år hadde de sitt virke der. Det sier litt om hvor viktig dette arbeidet var, da det ved Arnhild bortgang i 2010 ble lest opp et telegram fra presidenten av Taiwan der han takket for den innsatsen hun hadde gjort. Tilstede var også Taiwans ambassadør i Norge. Stykket er skrevet av Olav Torgny Hårtveit i samtale med Bjarne Gislefoss.

I årsskriftet er det artikler som Litt fra Bjelland og Grindheim som kommune fra 1837-1902 av Margith Seland, Kjørkje-Are på Listad og ætta hans av Torbjørn Ougland, samt Poststeder i gamle Konsmo - fra poståpneri til nedleggelse av Åse Marit Helle.

Ågedal realskole har også fått godt med spalteplass. Det var ikke alle som så nytten av realskole og det er takket være Olav Øydna sammen med Rachel Thommassen, at det blei realskole på Ågedal. Skoleartikkelen er skrevet av Jorunn Birkeland og Salve Øina. Videre kommer noen småhistorier om komper og pølter på Konsmo Ungdomshus, om Kari i Byråsen, «nøgd med lite, klaga ikkje» skrevet av Vidar Strisland og Margith Seland.

Arne Birger Birkeland har gitt et innblikk i forhold og oppvekst på Øydneskleiv på 50 og 60-tallet. Anne Marie Ågedal skriver om det gamle kommunelokalet på Konsmo, et servicebygg for sin tid. Lokalene inneholdt alt fra bank, helsehus, rettslokaler, arrest i kjelleren, pedellbolig (vaktmesterbolig), hybler

Audnedal Historielag

Årbok 2011





*Steinbrua på den gamle daleveien ved Øydneskleiv. I bakgrunnen saga til Daniel Øydneskleiv. Den ble drevet med vann fra fossen Stria. Tidligere var det også ei kvern her.*

**Bilde fra boka.  
Foto Tor Olav Rydlande**

og mye mer. En follogskontrakt er omtalt av Margith Seland, og Tor Oddleiv Brandsdal omtaler en naturlostur til Skogen. Sist i årboka har Margith Seland skrevet en artikkel om heimeslaktning og blodpøsekalas. En bildeserie fra barnevandrerseminaret 2010 har også fått plass. Vi gratulerer med flott årsskrift!

Redaksjonskomiteen har bestått av: Ann-Margret Haaland, Margith Seland, Torbjørn Ougland, Olav Torgny Hårtveit, Jorunn Birkeland og Anne Marie Ågedal. Fotograf: Tor Olav Rydlande.

**Av Liv Kirsten Rolland**

*17. maifeiring i 1943.*

*Bak f. v.:*

*Gudrun Hamran,  
Karl Søderberg,  
Olga Handeland,  
Bjørge Robstad Åsen,  
Rachel Thommassen,  
Konstane Helle,  
Morten Grongstad,  
Vatne (står bak  
Grognestad)  
og Adolf Verdal.*

*Foran f. v.:*

*Marie Brastad,  
Edel Buestad,  
Albert Tjomsland,  
Henry Våla Nelson,  
Ingrid Våla,  
Torhild H. Hægeland,  
Albert Torsland,  
Trygve Ugland  
og Tore Åsen (bak  
T. Ugland).*

**Bilde fra boka**



# Årsmelding for 2011

## Tillitsvalde i 2011–2011 har vore

### *Styremedlemer:*

Beint Foss,  
Tveit Historielag, leiar  
Eilert Skjævestad,  
Tromøy Historielag, nestleiar  
Ragnhild Skarsten Larsen,  
Flekkefjord Historielag, styremedlem  
Inge Augland,  
Torridal Historielag, styremedlem  
Liv Kirsten Rølland,  
Vennesla Historielag, styremedlem  
Kristian Sundtoft, Vestre Moland  
og Lillesand Historielag, styremedlem  
Birgit Attestog,  
Setesdal, styremedlem  
Gunnar Thorstensen,  
Tromøy Historielag, styremedlem

### *Varamedlemer (personlege):*

Helge Wiig, Mandal  
Knut Engelskjøn, Kongshavn  
Kari M. Bruli, Kvinesdal  
Bjug Åkre, Kristiansand  
Gerd Lillian Olsen, Mandal  
Anders Auen Grimnes, Lillesand  
John Seldal, Bjorbekk  
Sveinung Lien, Tvedestrand

### *Valkomitéen:*

Ellinor Lundberg, Arendal  
Bernt Gautestad, Evje  
Kjell Ove Sætren, Mandal  
Kari Mestad, Torridal

### *Revisor:*

Ettersynet av rekneskapen er gjort  
av fylkesrevisjonen i Vest-Agder

### *Skrivar:*

Borghild Løver, Lindesnes

## Verksemda i laget

### **Styret**

Det har vore 3 styremøte og 37 saker til handsaming i 2011. I tillegg har leiaren og skrivaren hatt møte.

### **Skrivar**

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarande 20% stilling.

### **Kontorlokale og arkiv**

Lagskontoret har i 2011 vore i tredje høgda i Mållagsbygget midt i Kristiansand sentrum i fyrste halvdel av året, og så vart kontoret flytta til Bentsens hus. Medlemene i historielaget har alltid kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

### **Årsmøtet 2011**

Årsmøtet vart halde på Revsnes hotell laurdag 2. april 2011. Det var møtt fram over 40 direktmedlemer og lokallagsrepresentantar. Kjell-Olav Masdalen heldt eit engasjerande føredrag

om 2. verdskrigen. Gard Nergaard framførte tradisjonsrike feleslåttar.

### **Viktig endring i organisasjonsmodellen som vart gjort på årsmøtet**

- Agder Historielag avviklar direktmedlemskapen.
- Berre historielag kan vere medlemer og delta på årsmøtet.
- Dei som er direkte medlemer går over til å vere abonnentar (på årboka og EGDE).

### **Medlemsutvikling**

Agder Historielag hadde 830 medlemer den 31.12.2011. 38 av desse var lokallag.

### **Årsskriftet 2011**

Årsskrift nr. 87 vart sendt ut like etter jul og var på vel 200 sider. Årsskriftet vart trykt i 1500 eksemplar. Tema denne gongen var mellom anna arkeologi, krigshistorie, vegvesenet, Palestina-Israel-problematikk og runesteinar. I redaksjonskomitéen sat Johnny Haugen,

Leonhard Jansen, Marie T. Sørensen og Borghild Løver.

## Egde

Medlemsbladet EGDE kom ut med to nummer i 2011. Redaksjonen for dette bladet var Borghild Løver. Bladet vart trykt i 1100 eksemplar og sendt ut til alle medlemene.

## Internettside

Internettsida til Agder Historielag har vorte fullstendig oppdatert i 2011 ved hjelp av eit godt samarbeid mellom Tormod Engebu og skrivaren. Sjå [www.agderhistorielag.no](http://www.agderhistorielag.no).

## Agders Historie

Det er kome ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 1800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.)
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640), som Stein Tveite skriv på, kjem vonleg i 2013.

I komitéen for Agdersoga sit Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Berit Eide Johnsen og Rune Holbek. Anne Tone Aanby er biletredaktør. Dag Hundstad er engasjert til å skrive bandet frå 1945 til i dag når finansieringa er i orden.

## Annan aktivitet/samarbeid

Agder Historielag var til stades på Agderseminaret på UiA i Arendal 14. og 15. okt. I tillegg er historielaget sterkt medverkande til realiseringa av ei eiga brukargruppe av Bentsens hus (Kronprinsens gt. 59) og har hatt nokre møte saman med kommunen og dei interesserte i året som har gått.

Turnemnda skipa til ein fantastisk tur til Buskerud 1.-4. september, som vart ein stor suksess med over 30 deltakarar.

Det har òg vore utruleg bra samarbeid med lokallaget Landvik Historielag i høve tilskipinga av temamøtet 25. sept. 2011.

## Økonomi

Abonnementet for 2011 var på 250,- kr. Vest-Agder Fylkeskommune gav eit driftstilskot på 115.000 kr., i tillegg til eit tilskot til Agdersoga

på 50.000 kr. Frå Aust-Agder Fylkeskommune kom det 60.000 kr i driftstilskot og 50.000 kr. til Agdersoga. Rekneskapen viser eit greitt overskot i 2011, dette skuldast at ikkje alle prosjekta vart fullført.

På lager har me ståande ei mengd bøker som sjølv sagt utgjer ein stor verdi, men som ikkje er synt i jamvektrekneskapen. Desse vert talde ved flytting av lageret. For fleire detaljar, sjå rekneskapsoversyn og revisjonsmelding.

## Ymse representasjon

**5. april 2011:** Møte i BBH (Brukargruppa for Bentsens hus) på kulturkontoret: Beint og Borghild møtte.

**12.-14. aug. 2011:** Agder Historielag delte stand (og utgifter) med Mållaga på Agder under marknaden Naturligvis på Evjemoen: Borghild dreiv med abonnentverving for AH her.

**11. sept. 2011:** Opning av Bentsens hus, Kr.sand: Beint, Borghild og Inge var til stades.

**6. okt. 2011:** Møte i BBH på Bentsens hus: Beint og Borghild.

**27.-29. mai 2011:** Gunnar og Johnny reiste på landsmøtet til LLH på Jessheim, Ringerike.

## Oppsummering

Historielaget har halde ein høg aktivitet òg i 2011. Representantar frå styret har vore til stades på jubileumsfesten til Arendal Historielag og på vitjing til andre historielag. Leiaren for Agder Historielag vart òg valt til leiar for LLH i 2011. I tillegg har me hatt fleire viktige samarbeidspartnarar som me ynskjer å rette ein særskild takk og helsing til: Kristiansand kommune, Posebysmarknaden, Christianssands Byselskab, Fortidsminneforeningen og Thaulows hus, i tillegg til Aust-Agder Kulturhistoriske Senter, Statsarkivet og ikkje minst Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommune.

Kristiansand, februar 2012

*Beint Foss - Eilert Skjævestad*  
leiar nestleiar

*Liv Kirsten Rølland - Inge Augland*

*Kristian Sundtoft - Liv Kirsten Rølland*

*Berit Attestog - Gunnar Thoresen*

# Resultatregnskap 2011

	NOTE	TOTAL 2011	BENTSENS HUS 2011	AH REKNESKAP 2011	AH REKNESKAP 2010
Salg Agdersoga .....		8 500		8 500	37 300
Salg annen litteratur .....		6 770		6 770	13 685
Salg årsskrift .....		4 349		4 349	6 069
Salg dvd .....		1 920		1 920	6 380
Salg annonser årsskrift .....		9 300		9 300	12 250
<b>Salgsinntekt .....</b>		<b>30 839</b>		<b>30 839</b>	<b>75 684</b>
Kontingent medlemmer .....		185 709		185 709	191 822
Kontingent lokallag .....		25 033		25 033	22 724
Inntekt årsmøte .....		3 300		3 300	3 300
<b>Medlemsinntekt .....</b>		<b>214 042</b>		<b>214 042</b>	<b>217 846</b>
Tilskudd V-A fylke drift .....		115 000		115 000	115 000
Tilskudd A-A fylke drift .....		60 000		60 000	60 000
Andre tilskudd .....		126 014	126 014	0	0
Tilskudd .....		301 014	126 014	175 000	175 000
Mva-refusjon .....		9 474		9 474	0
<b>Annen inntekt .....</b>		<b>9 474</b>		<b>9 474</b>	<b>0</b>
<b>SUM DRIFTSINNTEKT .....</b>		<b>555 369</b>	<b>126 014</b>	<b>429 355</b>	<b>468 530</b>
Trykking Egde .....		45 000		45 000	47 000
Trykking årsskrift .....		77 000		77 000	72 000
Trykking Agdersoga .....		0		0	0
Trykking annet .....		0		0	5 625
<b>Trykkekostnad .....</b>		<b>122 000</b>		<b>122 000</b>	<b>124 625</b>
Honorar sekretær .....		78 839		78 839	77 078
Leie lokaler .....		18 000		18 000	36 000
Rep/vedlikehold bygninger .....		0 0 0			
Bentsens Hus - investering .....	2	105 016		105 016	52 661
Bentsens Hus - drift .....	2	4 637		4 637	0
Revisjonshonorar .....		6 250		6 250	5 000
Kontorrekvisita, kontorutstyr .....		11 344		11 344	295
Trykksaker .....		16 438		16 438	3 469
Aviser, tidsskrifter, bøker ol. ....		3 895		3 895	2 250
Data/internet/ telefoni .....		9 256		9 256	3 763
Porto .....		58 209		58 209	46 250
Postboksleie .....	930	930 900			
Bilgodtgjørelse .....		6 264		6 264	8 042
Reisekostnad .....		6 332		6 332	1 493
Styremøter mv. ....		1 174		1 174	1 507
Møter Agdersoga .....		12 110		12 110	0
Div utgifter Agdersoga .....		5 221		5 221	0
Årsmøte/ Landsmøte .....		10 490		10 490	14 300
Reklamekostnad .....		625		625	1 200
Kontingenter .....		8 700		8 700	8 500
Gaver .....		813		813	2 601
Diverse utgifter .....		300		300	0
Bank og kortgebyr .....		2 771		2 771	3 029
<b>Annen driftskostnad .....</b>		<b>367 614</b>	<b>109 653</b>	<b>257 961</b>	<b>268 338</b>
Renteinntekt .....		6 209		6 209	4 423
Renter .....		6 209		6 209	4 423
<b>ÅRSRESULTAT .....</b>		<b>71 964</b>	<b>16 361</b>	<b>55 603</b>	<b>79 990</b>

# Balanse pr. 31.12.2011

	NOTE	AH REKNESKAP 2011	AH REKNESKAP 2010
<b>EIENDELER</b>			
Til gode annonser årsskrift .....		9 300	11 450
Til gode kontingenter .....		4 378	0
Forskuddsbetalt kostnad .....		3 125	0
<b>Fordringer</b> .....		<b>16 803</b>	<b>11 450</b>
Drift 3000.20.36165 .....		744 052	562 464
Kulturreiser 3000.13.96191 .....		10 291	10 286
Drift Agdersoga 3000.17.73697 .....		6 113	5 274
Plassering Agdersoga 3000.17.73700 .....		406 927	326 292
<b>Bankinnskudd</b> .....		<b>1 167 383</b>	<b>904 316</b>
<b>SUM EIENDELER</b> .....		<b>1 184 186</b>	<b>915 766</b>
<b>GJELD OG EGENKAPITAL</b>			
Egenkapital 1.1.2011 .....		483 905	403 915
Periodens resultat .....		71 964	79 990
<b>Egenkapital</b> .....		<b>555 869</b>	<b>483 905</b>
Forskudd kont medlemmer .....		0	250
Forskudd tilskudd Agdersoga .....	1	400 000	300 000
Forskudd tilskudd Bentsens Hus .....	2	133 986	0
Påløpt kostnad & annen gjeld .....	3	94 331	131 611
<b>Kortsiktig gjeld</b> .....		<b>628 317</b>	<b>431 861</b>
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b> .....		<b>1 184 186</b>	<b>915 766</b>

21. mars 2012

Frank Olsen - regnskapsfører

## Noter til årsregnskap

### Note 1 - Tilskudd Agdersoga

Det er i 2011 mottatt kr 100 000,- i tilskudd til Agdersoga fra Aust- og Vest-Agder fylkeskommuner. Beløpet er bokført som gjeld, sammen med tilskuddene mottatt i 2008-2010. Til sammen utgjør tilskudd til Agdersoga kr 400 000,- ved utgangen av 2011. Beløpet vil bli inntektsført når neste utgivelse kommer.

### Note 2 - Bentsens Hus

Det er i 2011 mottatt kr 260 000,- i tilskudd vedr. Bentsens Hus, kr 75 000 fra Kristiansand kommune og kr 185 000 fra Norsk Kulturminnefond. Pr 31.12.2011 er kr 126 014,- anvendt (kr 16 361 i slutten av 2010 og kr 109 653 i 2011). Restbeløpet på kr 133 986,- er bokført som gjeld (forskuddsbetalt tilskudd for anvendelse i kommende år).

### Note 3 - Påløpt kostnad

Beløpet gjelder kostnader vedrørende 2011 hvor betaling har skjedd i 2012. Av totalbeløpet på kr 94 331,- er de største postene som følger:

Trykking årsskrift 2011.....	77 000
Porto vedr årsskrift 2011 .....	16 202
Øvrige .....	1 129
<b>Totalt</b> .....	<b>94 331</b>

# Velkommen til årsmøte i Agder Historielag laurdag 21. april 2012

**Agder Historielag held årsmøte i matsalen på Gymnaset på Hornnes laurdag 21. april 2012. Påmelding innan 14. april til e-postadressa [kontakt@agderhistorielag.no](mailto:kontakt@agderhistorielag.no) eller postadressa Agder Historielag, Pb. 136, 4662 Kristiansand.**

**Abonnentar og alle andre er hjarteleg velkomne til å vere med på årsmøtet, men har ikkje røysterett.**

## **Spesialtilbod under årsmøtet:**

Sturla Ertzeid-DVD kr. 130,- , Jon Løyland-boka kr. 150,- og Agdersoga kr. 300,-

## **Programmet for dagen er:**

1. Årsmøtet byrjar kl. 11.00 med ein kort velkomentale av leiar Beint Foss, allsong og føredraget Russarfangane i Noreg og på Agder – ei gløymd historie? av Magne Haugland.
2. Frå kl. 12.00 vert det ein time med varm føremiddagsmat (tradisjonsrik Setesdalssuppe med rundstykke) – og blautkake og kaffi etterpå, ein liten orientering om barnevandringsprosjektet v/Paul Sveinall og truleg musikkinnslag. Kvar av dei frammøtte lokallaga kan få høve til å vise fram sine siste produksjonar på eigen «stand». Deltakaravgifta er i år som i fjor kr. 100 for kvar årsmøtedeltakar/utsending (Agder Historielag sponsar ein god del av serveringa).
3. Kl. 13.00 byrjar me på den fastlagde saklista. Ved normal framdrift bør årsmøtet vere slutt kl. 15.00.

## **Sakliste:**

1. Val av møteleiar
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av 2 personar til å skrive under protokollen
4. Årsmelding (sjå side )
5. Rekneskap 2011 (sjå side )
6. Innkomne saker
7. Budsjett (vert lagt fram på årsmøtet)
8. Val

## **Utsendingar**

Kvart medlemslag har rett på å møte med to delegatar for dei fyrste 100 medlemene, deretter ein delegat for kvar påbyrja 100. Ingen lag kan ha fleire enn fire delegatar. Kvar delegat har ei røyst, fullmakt vert ikkje å akseptere. Eit lag som såleis har rett på fire delegatar, men berre møter med ein, har berre ei røyst.

I tillegg kan alle abonnentar møte, OG alle andre interesserte. Me oppmodar flest mogleg til å ta turen til matsalen på Gymnaset på Hornnes på det komande årsmøtet.

**Hjarteleg velkomen – men hugs påmelding!**

# Glemte sørlendinger

**Enhver historieforfatter må ta mange valg når det gjelder hva som skal omtales. Mye må utelates. Samtidig må det rettes søkelys på om valgene er vel funderte.**

Jeg synes det er meget god grunn til å rette søkelyset på hvorfor Ole Andres Olsen er fullstendig utelatt i bøkene både til professor Ingrid Semmingsen, bl.a. i de to bindene «Veien mot vest» på tusen sider, og i professor Odd Lovolls nyere bøker som «Det løfterike landet». Som verdensleder i Adventistsamfunnet burde Olsen ha fått en omtale. Det samme synes jeg om Harold Myra. I over 30 år var han president for forlagshuset Christianity Today og redaktør for tidsskriftet med samme navn, kjent verden over.

Lutherske kirkesamfunn og kirkeledere i

*Ole Andres (Andrew) Olsen ble leder for den verdensvide adventistkirken.*

Foto fra Terje Johannessen



Midtvesten er uten tvil de som har fått mest oppmerksomhet. Det er forståelig, men ledere i andre deler av USA og tilhørende andre trossamfunn burde ikke vært utelatt.

Jeg har ikke svar på hvorfor de to nevnte personer ikke er blitt tatt med. Kanskje er forklaringen at historikerne ikke har kjent til deres norske røtter og deres virksomhet på tross av deres typisk norske navn. At de ikke har fått omtale, førte til at jeg selv syntes det var meget viktig å gi dem solid omtale i boken «Norske pionerer i sju verdensdeler. Norwegian Pioneers» (omtalt i Egde nr. 2-2010)

## Teologisk uenighet

Når det gjelder Ole Andres Olsen, så var familiens adventistsympatier medvirkende årsak til at de emigrerte i 1850 fra Laudal/Finsland. Dermed blir deres begrunnelse for å emigrere svært lik den haugianere og kvekere hadde; begrunnelser som historikere flest viser stor interesse for.

Omkring 1860 ble den første «norske» adventistmenigheten i USA dannet i Oakland Wisconsin, der familien hadde slått seg ned. I 1888 ble Ole Andres valgt til leder av den verdensvide adventistkirken. Da var det 43 år siden han så dagens lys på gården Skogen. Etter at han fikk avløsning som verdensleder, ble han formann for Den europeiske union innen Adventistsamfunnet, senere for Den britiske union og til slutt Den australasiatiske union. I 1909 vendte han tilbake til USA og hadde høye administrative stillinger til han døde i 1915, 69 år gammel.

## Røtter i Kristiansand

Harold Myra hadde sin omfattende virksomhet omkring hundre år senere. Hans mor hette Esther. Hennes foreldre Haaver og Josephine Christensen fra Kristiansand hadde emigrert tidlig på 1900-tallet. Haralds far var John S. Myra i Skien.

I 32 år leder Myra utviklingen av det som ganske opplagt er verdens mest innflytelsesrike kristne magasin, Christianity Today, samt et

**FORTS. NESTE SIDE**

titalls andre publikasjoner med samlet opplag på omkring én million. Christianity Today var grunnlagt av Billy Graham og andre. Myra ble pensjonist i 2007.

– Jeg vil si at bladet har vært svært effektivt gjennom å gi mange pastorer og kristne ledere en evangelisk holdning eller posisjon og ved å styrke deres tro, sa Myra i et intervju jeg hadde med ham i 2003. Bladet leses også her i landet, ikke minst av kristne ledere.

## Adoptivbarn

Harold og hans hvite kone Jeanette har seks barn. Tre helt hvite, tre mørkebrune. Foruten at en god del andre barn, mørke og hvite, har bodd der for kortere og lenger tid.

Av de seks barna er tre født inn i familien, en jente og to gutter. Så har de adoptert tre mørke, to gutter og en jente. Det er så menn ikke vanlig blant hvite amerikanere. Det har vakt oppsikt og det har gitt motstand, men også mye støtte har de fått. Både fra hvite og fargede. Barna har krevd mye. Handikappede barn har bodd der. Og det har vært ulike meninger blant de afroamerikanske om hvite skal adoptere deres barn. «Hva får deg til å tro at du kan oppdra et farget barn?» fikk Myra høre en gang. Noen sier bestemt nei til at hvite skal adoptere fargede, andre har gitt Jeanette og

Harold Myra mye støtte og ros. Men neppe så mange andre enn Harold og kona ville ha tatt turer til de heller farlige strøkene i Chicago for å gå i gebursdager og besøke foreldre til adoptivbarn. Uten tvil har ekteparet Myra så langt som mulig praktisert å leve i pakt med det de lærer og det Myra har formidlet i Christianity Today.

## Andre utelatt

Er det bare «sørlendirer» som er utelatt i de sentralene bøkene om nordmenn i USA? Nei. Også presten Abraham Vereide, som fikk president Eisenhower med på å begynne med bønnefrokost i Det hvite hus, burde ha vært nevnt i flere sammenhenger. Bønnefrokostene holdes – utrolig nok – fortsatt én gang i året, også med norske deltakere. Vereide burde ha fått noen linjer også i de norske bøkene om USA-presidenter. Andre er Art Rorheim fra Ombo, som laget et opplegg for barn og unge basert på å lære seg bibelvers utenat, og enkle sportsleker. Opplegget brukes nå av 18 000 menigheter i mer enn hundre land. Få norsk-amerikanere har hatt større innflytelse! Også Maria Sandvik, Minnesotas «Mor Teresa», burde ha fått mye omtale. Det samme gjelder misjonær Lars O. Skrefsrud, som ikke emigrerte, men var på talerferd i USA i 1894-94.

Han talte 364 ganger, og hadde mangfoldige tusener tilhørere, på enkelte møter 4000. – Ingen besøkende har betydd så mye for det norske Amerika, skrev forfatteren N.N. Ronning. Andre kjente besøkende fikk omtale i de sentrale bøkene, Skrefsrud ikke. Her er det mye å rette opp.

Av Torbjørn Greipsland



– Livet består både av velsignelse og smerte. Vi har opplevd begge deler, sier Harold Myra.

Privat foto.



# Det akademiske kvartér



**– Jeg skriver ikke lokalhistorie, men nasjonal historie!, tordnet den kvinnelige professoren til den unge studenten. Hun hadde åpenbart blitt dødelig fornærmet over å ha blitt spurt om å skrive en lokalhistorisk artikkel.**

**Der og da** ble den unge studenten (i form av undertegnede) en smule perpleks over det avvissende svaret. Men etter ytterligere formaning om at «jeg har ikke tid til å skrive slike unyttige greier», så måtte den håpefulle bare konstatere at her var det ingen hjelp å få. Da studenten omsider forlot professorens kontor, forbannet han seg på at «jeg skal f...meg aldri oppvise denne formen for akademisk arroganse!».

**I ettertid** har jeg jo sett hvordan jakten på akademisk prestisje og «poengjaget» hos enkelte forskere har gått i overkant langt. Det ytre presset om å publisere vitenskaplige artikler og bøker hos de mest prestisjefulle og «riktige» bokforlagene er nå en ting. Men når man i tillegg er aktiv gjennom kronikkskriving i aviser og tidsskrifter, deltar i TV- og radioprogrammer og ellers har omfattende foredrags- og undervisningsprogram, ja da er det lett å forstå at døgnet ikke har tilstrekkelig med timer. Så da er det kanskje ikke så rart at professoren ikke så seg tjent med å skrive en lokalhistorisk artikkel? Likevel, jeg undres stadig over at lokalhistorie har så lav status innen academia. Ser man ikke at gode lokale- og regionalhistoriske arbeider også kan gjøre det lettere å lage overordnede nasjonale og internasjonale framstillinger, makrostudier eller meta-analyser?

**De siste 15 årene** har jeg selv hatt én fot innen academia og en utenfor. Kanskje gjør dette det lettere å se på lokalhistorie med andre øyne. I Aschehougs siste norgeshistorie «Norvegr. Norges Historie» (2011) har forfatterne valgt å se norgeshistorien nedenfra. Her fortelles det entusiastisk om hvordan vanlige menneskers daglige slit og strev – meg og deg – har drevet historien fremover. Her er konger og kriger, maktmenn og elite – de som vanligvis har vært norgeshistoriens foretrukne gallionsfigurer

– blitt skjøvet mer i bakgrunnen. Og det er positivt. Men det er vanskelig å tenke seg at forfatterne har kunnet gjennomføre et slikt nedenfra- og opp perspektiv uten samtidig å ha kunnet øse av lokal- og regionalhistoriske arbeider.

**De siste** årene har interessen for lokal- og regionalhistorie steget i takt med antallet historielag og lokale bokutgivelser. Mange steder topper lokalhistoriske bøker salgslistene og norske aviser er tidvis spekket med omtaler av lokalhistoriske publikasjoner. Noen av utgivelsene er riktignok ikke like profesjonelle i form og innhold som andre, og alt er heller ikke like nyskapende med rutinepregede innholdsdisposisjoner og stille forbigåelse av lokale «tabuemner». Men det er viktig med et mangfold; alt fra små, lett lesbare hefter og årbøker til tunge faglige mursteiner på hundrevis av sider.

**For før eller siden** vil noen av disse lokalhistoriske artiklene finne veien til akademiske analyser og bli kildestoff til fagartikler. Det er disse analysene som kan hjelpe oss som samfunn med å forstå vår egen fortid og samtid og antesipere framtiden. Denne kunnskapen kan også bli avgjørende for norske politikere og besluttede organer når de skal ta gode og langsiktige beslutninger på lokalplan.

**Når vi nå** skriver 2012, så står de nasjonale og lokale jubileene og markeringene i kø: *Lyngørslaget (1812)*, *riksmålets far Knud Knudsen (1812)*, *landsmaalets far Ivar Aasen (1813)*, *kvinnelig stemmerett (1913)*, «*Den flyvende Hollender*» (1813) og *ikke minst den største av dem alle; 200-år jubileet for den norske grunnloven (1814)*. Selv om disse begivenhetene vil markeres med nyskrevne nasjonale oversikt-bøker, gjerne skrevet i et makroperspektiv, så vil de lokale utgivelsene om de samme begivenhetene og hendelsene på mikroplan, bidra til å nyansere og mangfalsettere bildet av de samme begivenhetene. Og et viktig poeng i den sammenhengen er at vi vet ikke på forhånd hva som kan bli viktig kunnskap om 20, 50 eller 100 år. Kanskje er det nettopp det DU skriver om nå som blir viktig i framtiden. Oppfordringen er således meget kort: **Skriv!**

Av Johnny Haugen

# Kunstmålararen som vart

**Henrik Asor Hansen (1862–1929) frå Mandal var ein kjend kunstmålar i si eiga samtid. På godt og vel 50 år måla han fleire hundre måleri og portrett. Til mange av desse kunstverka henta han inspirasjon frå Setesdal som han vitja nesten kvar sommar.**

Men i dag er Asor Hansen eit ukjend namn for folk flest. Nokre av kunstverka hans er rett nok stilt ut på norske museum, men bileta fangar knapt særskild interesse hjå det kunstinteresserte publikum. Kvifor er det slik? Kvifor har ikkje Asor Hansen fått eit namn på line med sørlandskunstnarane Olaf Isaachsen (1835–1893) eller Amaldus Nielsen (1838–1932)? I denne artikkelen skal me sjå nærmare på denne kunstmålararen frå Mandal, som i unge år fór på kryss og tvers av Europa, men som etter kvart vart hugteken av Setesdal.

## Oppvekst og bakgrunn

Kunstmålar Henrik Asor Hansen vart fødd 23. august 1862 i Mandal. Faren var ein dansk sjøkaptein medan mora kom frå Mandal. Tidleg flytta familien til den danske hovudstaden København. Såleis kom overklasseguten Asor Hansen til å vekse opp med dansk som både skrift- og talemål. I slutten av tenåra byrja han på ei sjøoffisersutdanning, men avbraut utdanninga for å bli kunstnar.

I 1881 tok han til med studium på kunstakademiet i København. Nokre år seinare vart han teken opp som elev hjå den danske kunstmålararen Kristian Zahrtmann (1843–1917). Da

hadde Asor Hansen allereie markert seg på haustutstillinga i Oslo, der han sidan var fast utstillar i 25 år.

I 1886 gifta han seg i København med den danskætta Ane Kirstine Jensen von Krogh. Dei fekk sidan tri born saman: Sigfred (1886), Axel (1892) og Richard (1903). Det var den mellomste sonen, Axel Krogh, som kom til å busette seg i Bygland til 1963 og som gav ut 15 bøker i mellomkrigstida.

## Flytter til Noreg og Agder

Omkring 1890 flytta familien Asor Hansen frå Danmark til Noreg. Fyrst slo dei seg ned i nærleiken av Mandal. Der budde dei mellom anna på garden Bakken i Holum. Men i 1898



*Sønene Axel Krogh (1892-1979) og Richard Asor (1903-1997) i unge år. Axel Krogh vart forfattar og budde på Langeid i vel 50 år. Richard flytta til Spania i 1926 og vart en storeksportør av frukt til Europa. Axel og Richard er i dag gravlagd på «Cementerio General» i Valencia i Spania.*

# t hugteken av Setesdal

flytta Asor Hansen til Bergen for starte ein målararskule. Resten av familien ynskte å bu på Sørlandet og busette seg i Kristiansand. I samband med at yngstesonen Richard vart fødd, vart det eit kort opphald for familien i Bergen, men i åra 1903–04 flytta Ane Kirstine og sønene Axel og Richard til Langeid i Bygland. Der leigde dei husvære hos gardbrukar Bjørgulv T. Langeid. Ein veit ikkje sikkert kvifor den utvalde staden vart Langeid-Krokå, men truleg var det ein kombinasjon av økonomiske så vel som kunstnariske grunner til valet.

## Europa, Bergen og Setesdal

I åra 1900–1910 held Asor Hansen fram som kunstmålar, styremedlem og formann i Bergen Kunstforening. Etter dette veksla han mellom å bu i Setesdal om sommaren og i Italia, Frankrike, Spania og Bergen om vinteren. Som sonen Axel Krogh vart Asor Hansen etter kvart «fanga» av dalen. Det var spesielt i dei siste 20 leveåra at han utforma mange landskaps- og folkelivsbileta og teikningar frå Setesdal.

## Kunsten

Av kjende bilete frå Setesdal kan nemnast «Familiebesøg i Sætersdalen» (1908), «Elvestryk med kvernhus» (1912), «Byklevandet» (1914) og «Stabbur i Setesdal» (1916). I tillegg måla han mange bilete i Spania som i dag er lite kjend hjå det norske publikum.

I si eiga samtid var Asor Hansen rekna som ein habil og flink kunstnar som ikkje let seg påverke av skiftande retningar i tida. Målarstilen er gjerne omtala som «klassisk dansk tradisjon frå 1890-talet» med ein «naturalistisk stil». I ein slik samanheng kan nemnast portrett av «Jørgen Otte Dedekam, 4 år» (1894) og «Gada i Kleven» (1891) som begge er å finne ved Mandal Bymuseum. Men Asor Hansen nekta å kompromisse for mykje på målarstilen sin for å bli populær. Det kan sjølvstundt ha hatt noko å seie for at han ikkje slo igjennom på line med dei verkeleg store



Portrett av Henrik Asor Hansen (1862–1929) målt av kunstnarkollega Arne Kavli omkring år 1900. Måleriet er i dag å finne i Det faste galleri i Drammens Museum.

FRAMHALD NESTE SIDE




*Familiebesøk i Sætedalen (1908).*

Haugesund Billedgalleri

*Elvestryk med kvernhus (1912).*

Privat eige.



kunstmålarane. I tillegg skal ein ikkje sjå bort ifrå at det ikkje vart rekna som tilstrekkeleg høgverdig å finne motiv frå ein triviell bondekultur i Setesdal eller av spanske Señoritas i solnedgang på landsbygda i Valencia. Likevel; som kunstnarar flest var Asor Hansen stadig i utvikling og bileta selde etter kvart ganske godt. Det gav kunstnaren økonomisk fridom til å reise og bu utanfor Noreg i delar av året.

## Dei siste leveåra

Dei siste leveåra budde Asor Hansen mykje i Spania der yngstesonen Richard flytta i 1926. Når Asor Hansen vitja Norge, veksla han helst mellom å bu på «Hospitset» ved tyskerbrygga i Bergen og i Setesdal.

På ei båtreise frå Bergen den 3. mai 1929, døydde Asor Hansen utanfor Stord. Då var han på veg heim til Setesdal etter ei utstilling på Vestlandet. Han vart gravlagd på Tveit i Bygland, der den fråskilde kona Ane Kirstine var gravlagd ti år tidlegare.

I dag finn me biletsamlingar av Asor Hansen i Setesdalsmuseet, Mandal Bymuseum og Sørlandet Kunstmuseum. Bilete frå kunstnaren er elles utstilte i offentlege bygg og museum andre stader i landet. Den største privatsamlinga er det nok setesdølen Sigurd G. Helle som eig, med nokre titals bilete og teikningar av Asor Hansen.

Av Johnny Haugen

*I 1927 sette sonen Axel Krogh (1892–1979) saman eit eldre stabbursloft frå 1651 og ei gamal årestoge frå midten av 1800-talet på Langeid. Dette vart bustadhus og skrivebrygga for Krogh, omdøpt til Dorge eller Dorgeheim. Her budde Krogh frå 1927 til 1963.*

Foto: Jon Løyland utlånt av Setesdalsmuseet

**Anna Helle Nilsen (82) frå Kristiansand har lese mange brev som Asor Hansen sende til sonen sin Axel Krogh på Langeid i Bygland. Her fortel ho litt om tilhøvet mellom far og son:**

«*Jeg længtes saa efter Sætersdalen*» skreiv målareren Asor Hansen i eitt av dei mange breva han sende til diktarsonen sin i Setesdalen i åra 1925-29. Men det var ikkje berre dalen han lengta etter. Han ynskte meir kontakt med sonen sin, Axel Krogh, som slo seg ned på Langeid i Bygland. Brev fra far til son, syner ein far som har stor omsut for sonen og gjeremåla hans. For Asor Hansen sjølv var nok tilvere noko einsamt der han budde i Noreg og i utlandet dei siste leveåra. Men han kjende mange i kunstnarmiljøa i Noreg, og kunne han leggje inn eit godt ord om diktverka til sonen sin, så gjorde han det. Han las òg gjerne bokmanusa til Axel, før dei vart sende til prenting, og han hadde flust med velmeinte råd.


Asor Hansen hadde sjølv hatt skuletida si i København, og skreiv helst dansk. Han mislikte difor at sonen bruka dialektord frå Setesdal i bøkene sine. Då Axel ymta om å gå heilt over til landsmål, vart faren fortvila. Han meinte at det var ikkje noko danna publikum i Noreg som ville lese landsmål!

Asor Hansen heldt fram med å lese bokmeldingar om bøkene til sonen sin, sjølv da han vitja den andre sonen sin, Richard, i Spania. Han klypte samvitsfullt ut meldingane og sende dei til Axel i Setesdalen. Han gledde seg når sonen fekk stipend, og vona kvar gong at då kunne dei ta ut på reis i lag. Men det vart nok helst med tanken. Kvar sommar reiste kunstmålareren på besøk til dalen på leit etter nye biletmotiv. Da hadde han på førehand skildra i lyriske vendingar korleis dei saman kunne innretta seg, anten i Trydal i Bykle, i Brokke i Valle, – eller som siste utveg, i Langeidstroka i Bygland. Asor Hansen lengta heim til Setesdal til det siste.



Anna Helle Nilsen (82) frå Kristiansand.





Invitasjon

# UTHAVN 2012

3.mai 2012, Strand hotell Fevik

Uthavnene langs Agderkysten er unike og stedvis godt bevarte kulturmiljøer av internasjonal klasse. Agderfylkene har ansvar for å ta vare på uthavnene som en del av landsdelens særpregete og verdifulle kulturarv. Ved å samle kompetanse og gode formidlere ønsker vi å begeistre og bevisstgjøre politikere og forvaltning i kommuner og fylke. Seminaret vil gi et grunnlag for å diskutere hvordan vi best kan ta vare på uthavnene våre. Se program neste side:

**Målgruppe for seminar:**

Primært: politikere i kommune og fylke.

Andre: kommuner (plan og bygg), eiere og brukere, velforeninger, historielag/kystlag, næringsliv.

**Påmelding:** [Meld deg på her](#). Begrenset antall plasser

**Frist:** 4.april 2012

**Tid:** 3 mai, 1000-1530, Strand hotell Fevik

**Kontaktperson:** [Ingvild.paulsen@austagderfk.no](mailto:Ingvild.paulsen@austagderfk.no)  
telefon: 37 01 74 21

**Arrangører:**

Ansvarlig: Aust-Agder fylkeskommune. Medarrangører: Vest-Agder fylkeskommune, Vest-Agder museet, Aust-Agder kulturhistoriske senter og Universitetet i Agder.

”Nettet av uthavnssamfunn fra Hidra til Lyngør er unikt i global sammenheng. Samlet sett er stedene et storslått monument over internasjonale kontaktflater og kulturutveksling i seilskutetida. Vi trenger en samlet verneplan for uthavnssamfunnene langs sørlandskysten for å kunne forvalte potensialet i denne unike delen av norsk kystkultur”

Dag Hundstad, Universitetet i Agder

Bilde fra Merdø 1920-tallet Foto: AAKS



# UTHAVN 2012

## PROGRAM:

	Hvem	Hvorfor
<p>Sørlandske uthavnsamfunn - rendyrkede sjøfartskulturer</p> <p>Sjøfolk, loser og en "Dandseværtinde". Kulturminner og bebyggelse i uthavna Merdø</p> <p>Nede på bunnen i uthavnene: unikt arkeologisk kildemateriale: forvaltningsutfordringer og muligheter</p>	<p>Dag Hundstad Førsteamanuensis, Universitetet i Agder</p> <p>Hilde L. Austarheim, konservator, Aust- Agder kulturhistoriske senter.</p> <p>Pål Nymoen Forsker, Norsk Maritimt Museum</p>	<p><b>Kulturhistorisk bakgrunn.</b> Uthavnens biografi og geografi. Hva er en uthavn? Hvor og hvorfor finnes uthavnene? Presenterer ulike bilkk på uthavnene og gi en forståelse av kulturhistorisk verdi og potensial.</p>
Lunsj		
<p>Uthavn- museum eller levende bomiljø?</p> <p>Sogndalstrand- verneverdig utvikling?</p> <p>Forvaltning av bygningsmiljøene i uthavnene, status og utfordringer.</p> <p>Ny-Hellesund. Områdefredning-bakgrunn, utfordringer og muligheter</p> <p>Nasjonale satsningsområder</p>	<p>Jørn Holme, Riksantikvar</p> <p>Eli Laupstad Omdal Sogndalstrand Kulturhotell</p> <p>Thomas Hirsch, seksjonsleder kulturminnevern, Aust-Agder fylkeskommune.</p> <p>Frans-Arne Stylegar, fylkeskonservator i Vest-Agder</p> <p>Einar Engen, kulturminnefondet</p>	<p><b>Forvaltning, vern og verdi.</b> Hvorfor og hvordan bør vi ta vare uthavnene. Hva er status i dag? Er det behov for fredning? Hva skjer/skjer ikke, når et område fredes?</p>



**B**

NOREG P.P. PORTO BETALT

RETURADRESSE:

**Agder Historielag**

Postboks 136, 4662 Kristiansand

✂ – Klypp ut – ✂

# Verv ein ny abonnent

## Årskontingent kr. 250,-

**Ny abonnent:**

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: ..... Stad: .....

Den nye abonnenten får tilsendt årsskriftet til Agder Historielag, medlemsbladet Egde og prislister, i tillegg til informasjon om laget og innbetalingsblankett.

Den som vervar ein ny abonnent kan velje eitt av skriftera under som vervepremie (kryss av):

- Tingbok for Vestre Råbyggelag 1686
- Eit årsskrift etter eige val (nokre er utselde, sjå prislister)
- Odelsmanntalet 1624 (kjeldeskrift)
- Kristiansand bytingsprotokoll nr. 1, 1670
- Mandal tingbok nr. 1-2, 1677 og 1684 (i ei bok)
- Stortingsmann Ole Fuglestvedt.
- Verv 3 nye abonnentar og få eitt eks. av Agdersoga (Agders Historie)

**Verva av:**

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: ..... Stad: .....

**Agder Historielag** Lokalhistorie siden 1914

**SEND KUPONGEN TIL:  
AGDER HISTORIELAG  
POSTBOKS 136  
4662 KRISTIANSSAND**